



Sunnfjord
kommune

Årsbudsjett 2022

Politisk handsaming

Utval

Saksnummer

Dato

Formannskap – presentasjon		05.11.2021
Ungdomsråd, eldreråd og råd MNF – presentasjon		09.11.2021
Utvalsmøte – presentasjon		10.11.2021
Formannskap - diskusjon		11.11.2021
Formannskap - utleggingsvedtak		25.11.2021
Ungdomsråd, eldreråd og råd MNF – uttale		30.11.2021
Utvalsmøte – uttale		01.12.2021
Formannskap – informasjon om høringsuttale		02.12.2021
Kommunestyre - vedtak		09.12.2021

Dokumentet er ajourført i samsvar med kommunestyrevedtak 09.12.2021

Innhold

Innleiing	3
Del I – grunnlag og føresetnader i budsjettet	4
Grunnlag	6
Økonomiplan 2022 – 2025	6
Statsbudsjett 2022	6
Løns- og prisvekst	6
Budsjettrapport 2021	6
Driftsbudsjett	7
Frie inntekter	7
Andre inntekter	11
Finans	14
Driftsbudsjett – oppsummert	17
Salderingstiltak	20
Økonomisk oversikt – drift	23
Bevilgningsoversikt – drift	24
Del II - driftsbudsjett fordelt på sektor	29
Skule	31
Barnehage	36
Helse og sosial	40
Omsorg	43
Kultur og idrett	47
Teknisk og miljø	51
Kommunedirektør, stab og støtte	57
Del III - Investeringsbudsjett	60
Investeringsprosjekt	61
Bevilgningsoversikt – investering	62
Vedtak i Kommunestyret 09.12.2021	67
Vedlegg	70
Oversikt over tilskot og overføringar frå Sunnfjord kommune 2022	70
Utvikling i avgiftsnivå for ein barnefamilie	71
Oppfølging vedtak i økonomiplan 2022-2025	72
Vedlegg til årsbudsjett 2022	73
Eigne saker som vert lagt fram parallelt med årsbudsjett 2022	73

Innleiing

Årsbudsjett 2022 gir dei økonomiske rammene for det tredje driftsåret i Sunnfjord kommune. Årsrekneskapen for 2020 gav eit netto driftsresultat på 13,3 mill. kroner eller 0,63 % av driftsinntektene. Driftssituasjonen i 2021 er utfordrande. 2. tertialrapport har ei prognose for meirforbruk ved årsslutt på 38 mill. kroner. Auke i behov innan omsorg og redusert flyktningtilskot på grunn av færre busette flykningar, er hovudforklaringa på rapportert meirforbruk så langt i 2021.

Årsbudsjett 2022 består av eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett;

- Driftsbudsjettet utgjer totalt 2 017 mill. kroner
- Investeringsbudsjettet utgjer totalt 179,7 mill. kroner

Vedteken [økonomiplan for Sunnfjord kommune 2022 – 2025](#) er lagt til grunn for årsbudsjett 2022:

- Nye innsparingstiltak på totalt 8,2 mill. kroner er innarbeidd
- Prioriterte driftstiltak (med unntak av 2) på totalt 14,7 mill. kroner er innarbeidd
- Prioriterte investeringsprosjekt er innarbeidd

Økonomiske handlingsreglar vedtekne i økonomiplanen er følgt opp i årsbudsjettet:

- Netto driftsresultat på 31,5 mill. kroner dvs 1,6 % av driftsinntektene
- Disposisjonsfond på 96 mill. kroner dvs 4,7 % av driftsinntektene
- Netto lånegjeld på 2 376 mill. kroner dvs 118 % av driftsinntektene

Framlegg til statsbudsjett frå regjeringa Solberg gav Sunnfjord kommune ein vekst i frie inntekter på 1,6 %. Låg folketalsvekst tilseier låg vekst i frie inntekter, så veksten i frie inntekter må sjåast i samanheng med endring i demografi der kommunen får fleire eldre og færre yngre innbyggjarar.

Driftssituasjonen i 2021, med auka behov innan omsorg og lågare busetting av flykningar, har gjort det nødvendig å gjere ytterlegare salderingstiltak utover vedtekne innsparingar i økonomiplanen. Totalt utgjer salderingstiltaka 56 mill. kroner for å balansere årsbudsjett 2022.

Det er tilrådd å starte to større omstillingsprosessar snarast;

- Omstilling innan omsorg med mål om innsparing på 15 mill. kroner
- Omstilling innan flyktning og integrering med mål om innsparing på 11 mill. kroner

Sunnfjord kommune står i ein stor økonomisk omstillingsprosess.

Det er vedteke omfattande innsparingstiltak for å styre mot ein meir berekraftig økonomi. I tillegg medfører demografiske endringar at vi må omfordele dei pengane vi har frå færre barnehagebarn og skuleelevar til fleire eldre.

I tillegg til dette gjer meirforbruk i drifta på 38 mill. kroner i 2021 situasjonen svært krevjande. Det er svært viktig at vi no følgjer opp innsparings- salderingstiltak, og at vi jobbar for å redusere meirforbruket.

Gjennom tolmodig og målbevisst arbeid og godt samarbeid mellom administrasjon og det politiske systemet, skal vi sikre gode tenester for innbyggjarane og vere ein stor og viktig samfunnsaktør i Vestland fylke. Saman blir vi drivande gode.

Sunnfjord, 5. november 2021

Ole John Østenstad
Kommunedirektør



Del I – grunnlag og føresetnader i budsjettet

Dette kapittelet omfatter rammer for driftsbudsjett 2022

Nøkkeltal



Grunnlag

Økonomiplan 2022 – 2025

Vedteken [økonomiplan for Sunnfjord kommune 2022 – 2025](#) er lagt til grunn for årsbudsjett 2022. I økonomiplanen er målsetjingar, demografisk utvikling omtalt og handlingsreglar definert. Årsbudsjettet legg desse til grunn i tillegg til dei økonomiske prioriteringar i økonomiplanen;

- Innsparingstiltak 2022 på totalt 8,2 mill. kroner
- Prioriterte driftstiltak (med unntak av to) totalt 14,7 mill. kroner
- Investeringsprosjekt 2022 på netto 153 mill. kroner

Statsbudsjett 2022

[Regjeringa sitt framlegg for statsbudsjett 2022](#) er lagt til grunn for frie inntekter i årsbudsjettet. Dette er supplert med [tilleggsproposisjon til statsbudsjettet](#) og [budsjettavtale på Stortinget](#). Kompensasjon for tapt inntektsutjamnande tilskot med 6,2 mill. kroner er lagt til grunn i tillegg til statsbudsjettet, då det ikkje er kome noko avklaring av denne kompensasjonen i samband med [Statsforvaltaren si fordeling av skjønnsmidlar til kommunane i 2022](#).

Løns- og prisvekst

Prisvekst

Statsbudsjettet legg til grunn ein prisvekst på 1,6 %. Det er i budsjettarbeidet lagt til grunn ein prisvekst på 1,8 % på driftsutgiftene.

Lønsvekst

Statsbudsjettet legg til grunn ein lønsvekst på 3,2 % i 2021. Det er i budsjettarbeidet lagt til grunn ein lønsvekst på 3,2 %.

Samla pris- og kostnadsvekst (deflator)

Statsbudsjettet legg til grunn ein samla pris- og kostnadsvekst på 2,5 %. Det er i budsjettarbeidet lagt til grunn ein samla pris- og kostnadsvekst på 2,6 %.

Pensjon

Sats for arbeidsgjevar sin del av pensjon i KLP er budsjettert med 14,0 %

Sats for arbeidsgjevars sin del av pensjon i SPK er budsjettert med 12,0 %

Arbeidsgjevaravgift


Det er lagt til grunn 14,1 % arbeidsgjevaravgift for tilsette med arbeidsstad i gamle Førde, og 10,6 % arbeidsgjevaravgift for tilsette med arbeidsstad i gamle Jølster, Naustdal og Gaular.

Budsjettrapport 2021

Det er i [2. tertialrapport](#) prognose om meirforbruk i drifta på totalt 38 mill. kroner i 2021. Det er vurdert tiltak for å ikkje vidareføre dette i 2022.

Driftsbudsjett

Frie inntekter



Figur 2.1 Sammensetningen av kommunesektorens inntekter. Anslag 2021

Skatteinntekter og rammetilskot

Sunnfjord kommune fekk i forslag til statsbudsjett for 2022 ein vekst i skatteinntekter og rammetilskot (frie inntekter) på 1,6 % samanlikna med oppgåvekorrigererte frie inntekter 2021. I tillegg til anslag på frie inntekter i statsbudsjettet er det lagt til grunn at Sunnfjord kommune får ekstra skjønsmidlar frå Fylkesmannen som kompensasjon for tap i inntektsutjamnande tilskot i overgangen frå 4 til 1 kommune. Tabellen nedanfor oppsummerer at det er lagt til grunn frie inntekter på 1 474 mill. kroner i årsbudsjett 2022.

I tillegg kjem tilleggsproposisjon til statsbudsjettet og budsjettavtale på Stortinget omtalt på dei neste sidene.

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Rev. Budsjett 2021	Ans. rekneskap 2021	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022
Rammetilskot	- 730 203	- 696 917	- 696 917	- 712 298	- 733 321
Skatteinntekter inkl. naturressursskatt	- 635 077	- 709 587	- 712 027	- 708 705	- 734 553
Statleg kompensasjon Covid-19	- 27 549	- 28 801	- 28 801	-	-
Kompensasjon inntektsutjamning	- 4 000	- 6 200	- 6 200	- 6 200	- 6 200
SUM	- 1 396 829	- 1 441 505	- 1 443 945	- 1 427 203	- 1 474 074

Tabellen under viser oversikt over oppgåveendringar i statsbudsjett 2022 med anslag på trekk eller auke i frie inntekter for Sunnfjord kommune, og oversikt over kva som er gjort av endringar i framlegget til årsbudsjett for 2022.

Oppgåveendringar (tal i 1000 kroner)	Kommunar	Anslag Sunnfjord	Årsbudsjett	Ansvar
Fleire barnehagelærar i grunnbemanninga	100 000	408	408	100
Tiltak for barn og unge sin psykiske helse - lågterskel	75 000	306	306	100
Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO på 3. og 4. trinn	35 875	147	147	100
Nominell vidareføring av kapitaltilskot i barnehagane	- 255 430	- 1 043	- 1 043	100
Basistilskot til fastlegar	128 125	523	523	430
Barnevernsreforma	1 310 000	3 845	3 845	450
Stillingar i barnevern	841 120	3 786	3 786	450
Forvaltning og drift av nasjonale e-helseløysingar	322 200	1 316	1 316	100
Redusert pensjonstilskot, private barnehagar	- 206 865	- 845	- 845	100
Økonomiske tilsyn med private barnehagar	- 5 000	- 20	- 20	100
Tolkelova	20 674	84	84	100
Dagsats tiltakspengar	69 000	282	282	420
Universell utforming IKT	34 000	139	139	100
Implementering av rusreforma	100 000	408	408	470
Barnekoordinator - 1. august 2022	100 000	408	408	140/ 450
Ekstra skuletime i naturfag i grunnskulen skuleår 2022/2023	99 800	408	408	100
Kompetansekrav i statleg og kommunalt barnevern	52 500	236	236	450
SUM	2 820 999	10 389	10 389	

Tilleggsproposisjon til statsbudsjettet

Regjeringa Støre foreslår auke i frie inntekter for kommunane med 2 mrd. kroner samanlikna med forslag frå regjeringa Solberg. For Sunnfjord kommune utgjer vekst i frie inntekter 10,9 mill. kroner. I tillegg kjem auka tilskot til ressurskrevjande tenester på 1,9 mill. kroner, slik at samla budsjettmidlar til disposisjon utgjer 12,8 mill. kroner.

(tal i 1000 kroner)	Kommunane samla	Sunnfjord kommune
Redusert makspris i barnehage	314 900	1 361
Tilskot til pensjon i private barnehagar	- 168 900	- 730
Fjerne ekstra time naturfag	- 99 800	- 408
Vekst i frie inntekter	2 000 000	10 905
Ressurskrevjande tenester	90 000	1 900
Totale budsjettmidlar til disposisjon		12 805

Tabellen nedanfor oppsummerer forslag til disponering av samla budsjettmidlar:

(tal i 1000 kroner)	Før disponering	Disponering	Etter disponering
Reversere inntektsutjamnande tilskot	- 6 200	2 200	- 4 000
Fullfinansiere barnevernsreform	7 631	1 500	9 131
Kyrkja - kompensere kommunalt tenestekjøp	16 269	72	16 341
Redusert makspris i barnehage		1 361	
Redusert tilskot til pensjon i private barnehagar		- 730	
Fjerne ekstra time naturfag	408	- 408	-
Redusere omstilling flyktning	- 11 000	3 000	- 8 000
Redusere omstilling omsorg	- 15 000	5 810	- 9 190
SUM		12 805	

Kommentar til kvart av punkta:

- Sunnfjord kommune mottok 4 mill. kroner i skjønsmidlar i 2020 som kompensasjon for redusert inntektsutjamnande tilskot i overgangen frå 4 til 1 kommune. Kommunedirektøren tilrår å nedjustere forventta kompensasjon i 2022 frå 6,2 mill. kroner til 4 mill. kroner.
- Det viser seg at avsette midlar til å handtere auka finansieringsansvar i barnevernsreforma er 1,5-2 mill. kroner for låg. Kommunedirektøren tilrår i setje av ytterlegare 1,5 mill. kroner slik at samla avsetjing utgjer 9,1 mill. kroner.
- Etter å ha inngått avtale om tenestekjøp frå kommunen når det gjeld stell av gravplassar gjennom aktivitetseininga, tilrår kommunedirektøren at kyrkja får kompensert auka kostnad med 72.000 kroner.
- Redusert makspris i barnehage vert følgt opp i samsvar med kompensasjon i tilleggspolisjonen med 1,36 mill. kroner.
- Redusert tilskot til pensjon i private barnehagar vert følgt opp i samsvar med tilleggspolisjonen med 730.000 kroner.
- Midlar avsett til ekstra naturfagtime er foreslått tatt ut i samsvar med tilleggspolisjonen. Dette utgjer 408.000 kroner for Sunnfjord kommune.
- Det vert tilrådd å redusere økonomisk mål i omstillingsprosess innan flyktning-området frå 11 mill. kroner til 8 mill. kroner
- Det vert tilrådd å redusere økonomisk mål i omstillingsprosess innan omsorg frå 15 mill. kroner til 9,2 mill. kroner.

Budsjettavtale på Stortinget om statsbudsjett 2022

Det er inngått forlik mellom regjeringspartia og SV på Stortinget om statsbudsjett for 2022.

Budsjettavtala finn de her: <https://www.senterpartiet.no/aktuelt/budsjettforlik-mellom-ap-sp-og-sv-2022>

Avtala inneheld 2 punkt som får direkte innverknad på utgiftene til kommunane i 2022, og som vert kompensert med tilleggsbevilgning gjennom rammetilskot til kommunane.

- Gratis plass kjernetid SFO for førsteklassingar (12 timar). Rammetilskot til kommunane er forslått auka med 640 mill. kroner for å dekke inntektsbortfallet av redusert foreldrebetaling i 2022. Heilårseffekt er anslått til 1,4 mrd. kroner. Det vert lagt til grunn at iverksetting gjeld frå skuleåret 2022/2023.
- Fjerne avkorting av barnetrygd i sosialhjelpa frå 1. september 2022. For å kompensere kommunane sine meirutgifter vert det forslått å auke rammetilskotet med 187 mill. kroner i 2022. Heilårseffekten er anslått til 560 mill. kroner.

Tiltak	Nasjonalt beløp	Sunnfjord kommune
Gratis SFO for 1. klassingar frå skuleåret 22/23	640 000 000	3 030 000
Fjerne avkorting av barnetrygd i sosialhjelpa frå 1. september 2022	187 000 000	565 000

Kommunedirektøren tilrår at auken i rammetilskot på 3,6 mill. kroner vert fordelt med 3,03 mill. kroner til redusert inntekter SFO og 0,57 mill. kroner til auka sosialhjelp i årsbudsjett 2022.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein skatt som vert betalt på grunnlag av eit verdioverslag på fast eigedom, kalla eigedomsskattetakst. Eigedomsskatten er den einaste skatten som kommunen sjølv har full disposisjonsrett over, der skatteinntektene går direkte til kommunen. Den viktigaste grunngevinga for å ha eigedomsskatt er behovet for å skaffe kommunen inntekter som bidreg til å gje innbyggjarane eit betre tenestetilbod.

Omtale av eigedomsskatt i statsbudsjett 2022;

Det foreslås ikkje endringer i eiendomsskatten. Eiendomsskatten skal være mellom 1 og 7 promille av takstgrunnlaget, for bolig og fritidsbolig er maksimal skattesats 4 promille i 2022.

Eigedomsskatteinntektene i rekneskapen for 2020 var basert på vedtekne satsar i dei 4 kommunane før kommunesamanslåinga og utgjorde totalt 73,5 mill. kroner.

Det vart i 2020 gjennomført retaksering av alle eigedomane i Sunnfjord kommune. I [eiga politisk sak](#) vart nye promillesatsar og eigedomsskatteinntekt for 2021 fastsett. Budsjettert nivå for samla eigedomsskatteinntekter for år 2021 var 78,3 mill. kroner, pluss 4,3 mill. kroner for inndekking av utgifter til eigedomsskatteprosjektet. Finansiering av eigedomsskatteprosjektet var ein eingongseffekt med høgare eigedomsskatteinntekter i 2021.

Etter at dei fleste klagesakene no er handsama viser anslag for rekneskap 2021 at eigedomsskatteinntektene er 1,4 mill. kroner lågare enn budsjettert. Samtidig er faktisk kostnad til retakseringsarbeidet 0,5 mill. kroner lågare dvs, 3,8 mill. kroner. På grunn av lågare eigedomsskatteinntekter i 2021 enn budsjettert, samtidig som kostnaden på retakseringsprosjektet og vart lågare, er det tilrådd å finansiere restkostnaden på 0,9 mill. kroner i årsbudsjett 2022.

På grunn av lågare eigedomsskatteinntekter enn budsjettert i 2021 og restfinansiering av retakseringsarbeidet, vert det tilrådd å vidareføre same promillesatsar for eigedomsskatt i 2022; dvs 2,5 promille på bustad og fritid og 6,6 promille på næring.

4,0 ‰

Maksimal skattesats for bustad og fritidsbustad -Statsbudsjett 2022

2,5 ‰

Foreslått skattesats for bustad og fritidsbustad

6,6 ‰

Foreslått skattesats for næring

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Rev. Budsjett 2021	Ans. rekneskap 2021	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022
Promillesats bustad og fritid		2,5	2,5	2,4	2,5
Promillesats næring		6,6	6,6	6,5	6,6
Eigedomsskatt - bustad og fritid	- 36 565	- 39 150	- 36 245	- 39 150	- 36 922
Eigedomsskatt - næring	- 36 913	- 39 150	- 42 076	- 39 150	- 43 878
Finansiering retakseringsprosjekt		- 4 300	- 2 900		- 900
SUM	- 73 477	- 82 600	- 81 221	- 78 300	- 81 700

Konsesjonskraft

Eigarar av større vasskraftanlegg pliktar å levere ein andel av krafta som vert produsert til kommunane som er berørt av kraftutbygginga. Kommunen sel konsesjonskrafta i markedet og inntektene frå salet er med og finansierer tenestene i drifta av Sunnfjord kommune. Forventning om høgare kraftprisar i 2022 enn i 2021 gjer at det er grunnlag for auke i konsesjonskraftinntektene. Det er ikkje avklart kva konsesjonskraft frå Jølstra kraft utgjør. Netto inntekter frå sal av konsesjonskraft er i årsbudsjett for 2022 budsjettert til 8 mill. kroner. Dette inkluderer konsesjonsavgift på 1,5 mill. kroner.

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Rev. Budsjett 2021	Ans. rekneskap 2021	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022
Kjøp av konsesjonskraft	3 921		2 500		3 500
Konsesjonsavgift	- 1 477		- 1 500		- 1 500
Sal av konsesjonskraft	- 9 737	- 5 344	- 6 894	- 5 344	- 10 000
SUM	- 7 294	- 5 344	- 5 894	- 5 344	- 8 000

Andre inntekter

Kommunale gebyr og avgifter

Kommunar skal fastsetje gebyr for kommunale tenester i samsvar med sjølvkostprinsippet. Det betyr at gebyr frå innbyggjarar ikkje kan overstige kostnaden med å levere tenesta.

Sunnfjord kommune legg til grunn at dei kommunale gebyra innanfor tenestene vatn, avløp og feiing skal finansierast til 100 % av sjølvkost. Eventuelt for mykje eller for lite innkravd gebyr vert sett av/brukt av øyremerka fond. Det betyr at kostnaden på desse områda (over tid) skal vere tilsvarende det innbyggjarane betaler i kommunale avgifter og gebyr.

Sunnfjord Miljøverk IKS tok over faktureringa av renovasjon og slam frå 2021.

Tabellen nedanfor oppsummerer dei føresetnadane som er lagt til grunn i årsbudsjett for 2022.

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Prognose rekneskap	Budsjett 2022	Bruk av fond 2022	Endring gebyr 2022
Driftsinntekt vatn - 100 % sjølvkost	- 27 231	- 27 616	- 30 543	-	8,0 %
Driftsinntekt avløp - 100 % sjølvkost	- 38 338	- 39 455	- 40 704	- 1 487	0,0 %
Driftsinntekt feiing - 100 % sjølvkost	- 5 045	- 5 347	- 5 294	- 354	5,7 %
Driftsinntekt private planar - 100 % sjølvkost	- 1 857	- 1 077	- 2 439	-	26,0 %
Driftsinntekt byggjesak - 100 % sjølvkost	- 5 095	- 6 248	- 4 005	- 590	-14,0 %
Driftsinntekt oppmåling - 100 % sjølvkost	- 2 198	- 1 985	- 2 737	- 22	17,0 %
Driftsinntekt ureiningsmynde - 100 % sjølvkost	- 127	- 1 616	- 1 646	- 126	2,5 %
SUM	- 79 891	- 83 344	- 87 368	- 2 327	

Samla avgiftsauke for vatn og avløp er foreslått til 4 %. For feiing er det med bakgrunn i at vi pr. i dag nyttar fond for å finansiere drifta, lagt opp til ein auke utover pris- og lønsvekst for å fram til 2025 skal ha 100 % sjølvkost.

For private planar har kommunen ikkje sjølvkost pr. i dag. Budsjett for 2022 har lagt til grunn gjennomsittleg avgiftsauke på 26 % for å ha 100 % sjølvkost både på private planar.

Det vert lagt fram eigne politiske saker der premisser er utgreidd og der det skal gjerast vedtak på gebyrnivå for kvart av sjølvkostområda for 2022.

Refusjon ressurskrevjande tenester

Alle kommunar som yter særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester til enkeltmottakarar, kan søke om delvis refusjon av direkte lønsutgifter knytt til desse tenestene.

Omtale av ordninga i statsbudsjett 2022:

- *Ordninga med øymerke tilskot for ressurskrevjande tenester gjeld for tenestemottakarar til og med det året dei blir 67 år.*
- *Kompensasjonsgrada blir vidareført med 80 prosent av nettoutgifter ut over innslagsnivået.*
- *Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka per tenestemottakar frå kr 1,430 mill. til kr 1,520 mill. for netto utgifter i 2021. Det inneber ei auke på kr 50 000,- utover justering for pårekna lønsvekst i 2021 (2,8 prosent).*
- *Tilskot for personar med psykisk utviklingshemming (16 år og eldre) i rammetilskotet blir trekt frå nettoutgiftene i berekningsgrunnlaget. Eventuelle statlege øymerkte tilskot blir også trekt frå berekningsgrunnlaget.*

Det er budsjettert totalt 63,8 mill. kroner i refusjon knytt til ressurskrevjande tenester, såkalla toppfinansieringstilskot. Grunnlaget for budsjettert refusjon byggjer på budsjettgrunnlaget for 2020, justert for endringar i tiltak, tenesteomfang og løns- og prisvekst. Det er ei viss usikkerheit knytt til anslaga.

Tilskotet er budsjettert som ei inntekt ute på dei einingane det gjeld. Tidlegare år har tilskotet vore budsjettert samla på ansvar 900 finansielle føremål.

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Rev. Budsjett 2021	Ans. rekneskap 2021	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022
Refusjon ressurskrevjande tenester	- 59 588	- 66 022	- 66 022	- 66 022	- 63 780

Refusjonen er utrekna på bakgrunn av dei 38 brukarane som per i dag inngår i tilskotsordninga. Den same ressursbruken er i hovudsak vidareført til neste år, men innslagspunktet er justert opp med 50 000 kr per brukar, i tråd med statsbudsjettet. Det er hovudforklaringa til kvifor tilskotet går ned. Årlege innstrammingar i tilskotsordninga gjer at kommunen står att med ein høgare andel av kostnaden.


Flyktningstilskot (Integreringstilskot)

Flyktningstilskot blir tildelt kommunane som buset flyktningar etter avtale med Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDI), og baserer seg på kommunen sin plikt til å tilby heiltid og heilårleg introduksjonsprogram.

Kommunane får integreringstilskot som generelt statstilskot for kvar flyktning/asylsøklar kommunen tek i mot. Tilskotet pr. flyktning er høgast andre året og vert så gradvis trappa ned over ein perioden på 5 år. Utover integreringstilskotet får kommunen tilskot til norskopplæring, tilskot for flyktningar med nedsett funksjonsevne og bustønad.

Dei to siste åra har busetjing av flyktningar blitt kraftig redusert, mellom anna på grunn av Covid-19 pandemien. Sunnfjord kommune har i budsjetta lagt til grunn ei busetjing av 32 flyktningar per år. I 2020 vart det busett 9 og i 2021 er det per august busett 19. I tillegg går det ut store kull som vart busett før 2019.

Grafen viser utviklinga i tal busette år 2-5 i Sunnfjord kommune.



I årsbudsjett for 2021 vart det gjennomført reduksjon i utgifter tilsvarande nedjustering av tilskotet med 10 mill. kroner. I årsbudsjett for 2022 er tilskotet nedjustert med ytterlegare 14 mill. kroner.

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Rev. Budsjett 2021	Ans. rekneskap 2021	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022
Tal busettingar	9	32	19	32	32
Flyktningtilskot	- 30 897	- 42 100	- 29 100	- 42 100	- 28 000

Det vert tilrådd å starte ein omstillingsprosess for å redusere utgiftene med 11 mill. kroner som følgje av redusert flyktningtilskot. Omstillingsprosessen vil omfatte store delar av organisasjonen då integreringstilbodet inngår i helsetenester, sosiale tenester, barnehage, SFO og skule i tillegg til vaksenopplæring og integrering. Sjå omtale av salderingstiltak side 18.

Finans

Avdrag

Kommunen betalar avdrag etter minsteavdragsprinsippet. I ny kommunelov er det endra korleis denne skal bereknast. Avdragskostnadane ligg stabilt som følgje av at samla gjeldsnivå for kommunen er stabilt. Det er budsjettert 96,9 mill. kroner i 2022.

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Rev. Budsjett 2021	Ans. rekneskap 2021	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022
Avdrag	94 661	95 000	96 000	95 000	96 873

Renter

Styringsrenta er den viktigaste premisen for budsjetterenter. Norges Bank auka renta med 0,25 % poeng i september 2021, og varslar ei gravis normalisering av styringsrenta tilbake til nivå før pandemien inntraff. Neste renteauke vil mest truleg skje i desember 2021. To eller tre renteauker må vi forvente gjennom 2022 og ei sannsynleg lånerente mellom 1,6 og 1,7 % i 2022.

Budsjetterente

Det er budsjettert med 37,5 mill. kroner i rentekostnader (utanom Husbanken). Dette gir ei budsjetterente på om lag 1,65 %. Budsjetterte rentekostnader og -inntekter er på nivå som ligg nært opp til økonomiplanen, men og nært opp til sannsynlege rentekostnader og -inntekter. Budsjetterenta er på eit lågare nivå enn det som er lagt til grunn tidlegare, i åra før pandemien. Det utgjør ein risiko.

Rentenivået er satt høgt nok til å dekke forventede kostnader, men kun med nødvendige marginar. Det betyr at det er lite til rentebuffer. Handlingsrommet, som tidlegare har lagt i budsjetterte renter, er venta å vere svært lågt eller brukt opp. Det vert ikkje tilrådd at Sunnfjord kommune aukar driftsnivået finansiert med lågare rentekostnad.

Korte- og lange renter

Kommunalbanken og KLP legg til grunn kortsiktige renter (flytande lån) på 0,98 % ved starten av året, aukande til 1,67 % ved utgangen av 2022. Langsiktige renter (fastrentelån) har eit påslag på 0,90 % mot flytande, ved starten av året. Kortsiktige- og langsiktige renterbaner har tilnærma likt nivå ved utgangen av året.

Marknaden sine forventningar

For kommunen sin låneportefølje, som består av både flytande- og fastrentelån, gir det ei forventede gjennomsnittleg lånerente på om lag 1,63 % i 2022, om ein legg marknaden sine forventningar til grunn. Til samanlikning er den gjennomsnittlege lånerenta berre 1,1 % i 2021.

16,1 mill. kroner
*Est. auka rentekostnad ved
1 %-poeng auke i det
generelle rentenivået*

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Rev. Budsjett 2021	Ans. rekneskap 2021	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022
Budsjettert lånerente	1,25 %	1,80 %	1,26 %	1,80 %	1,65 %
Rentekostnad ekskl. Husbanken	36 011	40 704	37 500	37 500	37 553
Renteinntekt ekskl. Husbanken	- 2 975	- 8 100	- 3 000	- 4 730	- 5 095
Rentekostnad Husbanken	6 773	6 500	3 500	6 500	5 652
Renteinntekt Husbanken	- 5 953	- 6 500	- 3 500	- 6 500	- 5 652

Startlån (lån til vidare utlån)

Startlån og bustadtilskot frå Husbanken er grunnpilarane i det bustadsosiale arbeidet i kommunane. Bustadtilskot skal bidra til at barnefamiljar og andre vanskelegstilte kan kjøpe bustad og personar med nedsett funksjonsevne kan få tilpassa bustad. Kommunane kan gjennom lån frå Husbanken yte startlån til personar som ikkje får lån i vanleg bank til kjøp av bustad, og som ikkje har moglegheit til å spare. I denne gruppa er det barnefamiljar som skal prioriterast, og 50 % av tildelte startlånsmidlar skal gå til familjar med barn. Dette har samband med brei politisk semje om å bekjempe barnefattigdom, og gje barn ein god og trygg plass å bu. Andre grupper er trygdemottakarar og bustadlånstakarar med gjeldsproblematikk som står i fare for at bustaden blir tvangsseld.

Sunnfjord kommune legg Husbanken sitt regelverk til grunn for sakshandsaming av søknadane. Det er i budsjett og økonomiplan lagt til grunn at kommunen sin rente- og avdragskostnad til Husbanken vert finansiert gjennom innbetalte rente- og avdragskostnad frå dei som har startlån. Det vert tilrådd nytt låneopptak på 60 mill. kroner i 2022.

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Rev. Budsjett 2021	Ans. rekneskap 2021	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022
Samla låneopptak i Husbanken pr. 01.01	360 613	80 000	415 000		
Unyttå låneramme	0	0	0	0	0
Nytt låneopptak Husbanken	60 000	80 000	80 000	60 000	60 000
Bustadtilskot	1 597	2 130	2 130	2 130	2 168

Rentekompensasjon

Rentekompensasjon skal stimulere kommunane til å investere gjennom at staten kompenserer rentekostnaden. Sunnfjord kommune får rentekompensasjon for skular, omsorgsbustadar, sjukeheim og tiltak i kyrkja. Renta som blir lagt til grunn blir berekna i samsvar med Forskrift om rente- og avdragsvilkår i Husbanken § 5.

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Rev. Budsjett 2021	Ans. rekneskap 2021	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022
Rentekompensasjon skular	- 511	- 470	- 470	- 470	- 548
Rente- og avdragskompensasjon omsorg	- 4 247	- 3 176	- 3 176	- 3 176	- 3 704
Rentekompensasjon kyrkje	- 15	- 14	- 14	- 14	- 16
SUM	- 4 773	- 3 660	- 3 660	- 3 660	- 4 269

Avkastning på plasserte midlar

I samsvar med vedtekte [reglement for finans- og gjeldsforvaltning](#) har Sunnfjord kommune plassert midlar med lang tidshorisont i rente- og aksjefond.

Pr. september 2021 er verdien på plasserte midlar 196,3 mill. kroner. Midlane er plassert hos 3 ulike forvaltningsmiljø. I tillegg kjem 110 mill. kroner plassert i premiefond i KLP. Det er lagt til grunn 65 % plassert i rentefond til ei forventet avkastning på 3 % og 35 % plassert i aksjefond til ei forventet avkastning på 6,1 %. Dette gjev ei samla avkastning på 4,1 % årleg.

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Rev. Budsjett 2021	Ans. rekneskap 2021	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022
Total saldo plasserte midlar	186 500	198 000	307 000	307 000	307 000
Gevinst (%)	6,1 %	4,1 %	7,2 %	4,1 %	4,1 %
Gevinst (kr)	- 11 412	- 7 498	- 12 498	- 12 565	- 12 598

Utbytte

Det er budsjettert årleg utbytte til Sunnfjord kommune på 28,9 mill. kroner i samsvar med tabell nedanfor.

(tal i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	Rev. Budsjett 2021	Ans. rekneskap 2021	Økonomiplan 2022	Budsjett 2022
Utbytte frå BKK AS	- 13 640	- 20 300	- 18 187	- 20 300	- 20 300
Utbytte frå SFE AS	- 92	- 53	- 58	- 53	- 53
Utbytte frå Sogn og Fjordane Holding AS	- 4 312	- 4 300	- 4 485	- 7 370	- 7 370
Utytte frå Rødekorsbygget	- 35		- 70		
Utbytte frå Eninvest AS		- 5		- 5	- 5
Utbytte frå Firda Billag AS		- 845		- 845	- 845
Kundeutbytte Gjensidige (forsikring)			- 349		- 350
SUM	- 18 080	- 25 503	- 23 148	- 28 573	- 28 923

Kommunestyret vedtok i punkt 1 c å auke utbytte med ytterlegare 0,5 mill. kroner.

Driftsbudsjett – oppsummert

Innsparing

I 2020 vart det gjennomført innsparingstiltak på totalt 12,5 mill. kroner.

I 2021 er det budsjettetert innsparingar på totalt 30,6 mill. kroner. Ny innsparingar utgjer totalt 18,1 mill. kroner.

I 2022 er det budsjettetert innsparing på totalt 38,8 mill. kroner. Nye innsparingstiltak utgjer 8,2 mill. kroner. Innsparingstiltak er innarbeidd i samsvar med vedteken økonomiplan 2022-2025.

Nr	Teneste	Tiltak	Budsjett 2020	Budsjett 2021	ØP 2022	Budsjett 2022
1	Barnehage	Seks barn per årsverk på avdeling	1,25	2,90	2,90	2,90
2	Skule	Plan for å vurdere skulestruktur	-	3,00	4,00	4,00
3	Barnehage	Plan for å vurdere barnehagestruktur	-	-	2,00	2,00
4	Vaksenoppl. og int.	Redusere bemanning programrådgjevar i Vaksenopplæring og integrering	0,70	1,60	1,60	1,60
5	SFO/Skule	Auka inntektene SFO med 10% og redusere tilbudsstrukturen	0,40	0,80	0,80	0,80
6	SFO/Skule	Ressursmodell for SFO. Redusere bemanning 1:16	0,50	1,30	1,30	1,30
7	Skule	Standard for midlar til materiell og utstyr	-	0,30	0,30	0,30
8	Skule	Redusere rammetimetalet til ordinær undervisning til 7 årsverk per 100 elevar	1,40	2,00	-	-
9	Kultur	Endre bibliotekstruktur, færre filialar.	-	-	0,20	0,20
		Delsum oppvekst og kultur	4,25	11,90	13,10	13,10
1	Omsorg	Auka bruk av velferdsteknologi	0,20	0,40	0,60	0,60
2	Omsorg	Bemanningscenter	-	0,60	2,10	2,10
3	Omsorg	Elektronisk medisineringsstøtte	1,00	2,10	2,10	2,10
4	Omsorg	Helsefremmende arbeidstidsordningar og redusere sjukefravær	-	1,00	2,00	2,00
5	Omsorg	Betre planlegging av helgevakter	-	-	1,00	1,00
6	NAV	Styrke arbeidsretta oppfølging	0,30	1,00	1,00	1,00
7	Omsorg	Organisering av nattevakt og bruk av digitalt nattilsyn	-	0,90	0,90	0,90
8	Barnevern	Færre tiltak i barnevern ved betre tverrfagleg innsats	-	-	0,70	0,70
9	Omsorg	Redusert bruk av leiarressursar	-	0,40	0,80	0,80
10	Helse	Reduksjon av årsverk psykisk helse og rus	0,40	0,70	0,70	0,70
11	Helse	Reduksjon av årsverk organisering av frivilligarbeid	0,10	0,40	0,40	0,40
12	Helse	Reduksjon av årsverk og driftstilskot fysioterapi	0,30	0,50	0,50	0,50
13	Helse	Endra bruk av ressurs folkehelsekoordinator	-	0,20	0,40	0,40
14	Barnevern	Vurdering av advokat- og konsulenttenester i barnevernet	-	0,40	0,40	0,40
15	Omsorg	Organisering av matombringning	0,20	0,10	0,25	0,25
16	Helse	Frivillig arbeid i aktivitetstilbudet	-	0,10	0,10	0,10
17	Helse	Reduksjon av årsverk i skolehelsetjeneste	0,20	0,40	0,40	0,40
18	Helse	Reduksjon av årsverk bistillinger legetjeneste	0,10	0,30	0,30	0,30
19	Omsorg	Samlokalisering av bustadar, Butiltak psykisk helse	-	0,20	0,20	0,20
20	Omsorg	Hente inn inntekter på praktisk bistand, mindre etterspørsel?	-	0,10	0,10	0,10
		Delsum helse, sosial og omsorg	2,80	9,10	13,55	13,55
1	Adm	Redusere utgifter til politisk styring	-	-	-	-
2	Adm	Redusere utgifter til kontroll og revisjon	2,00	2,30	2,30	2,30
3	Adm	Avvikle fritidsforsikring	0,17	0,18	0,18	0,18
4	Adm	Redusere bemanning administrasjon	1,58	3,48	5,53	5,53
7	Samferdsel	Redusere utgifter til kommunale veger	0,30	0,30	0,30	0,30
13	Næring	Redusere tilskot til Sunnfjord utvikling	-	0,75	0,75	0,75
	Næring	Auke prosjektfm. av stillingar på samfunn, kultur og næring			0,50	0,50
14	Næring	Redusere bemanning på landbruk	0,25	0,25	0,25	0,25
16	Kirke	Redusere tilskot til kyrkja	-	-	-	-
17	Eiendom	ENØK-tiltak	0,50	1,00	1,00	1,00
18	Eiendom	Vaskeri	0,15	0,45	0,45	0,45
19	Øvrige	Elektrifisering av bilparken	-	-	-	-
20	Øvrige	Redusere finanskostnader	0,50	0,50	0,50	0,50
		Delsum teknisk og administrasjon	5,45	9,21	11,76	11,76
		SUM INNSPARING	12,50	30,61	38,81	38,81

Prioriterte driftstiltak


Tabellen nedanfor viser prioriterte driftstiltak innanfor handlingsrommet i vedteken økonomiplan 2022-2025. Prioriterte driftstiltak i økonomiplanen utgjer 16,1 mill. kroner. Desse er innarbeidd med unntak av tiltak 2 og tiltak 19 markert med gult i tabell nedanfor. Tiltak 2 digitalisering i grunnskulen er der eksterne midlar til å finansiere i 2022, og tiltak 19 læringar er vi nær målsetjing om 2 lærlingar pr. 1000 innbyggjar utan at vi tilfører ytterlegare midlar til einingane.

Sektor	Tiltak - kva	ØP 2022	Årsbudsjett	Pri.
Omsorg	Vekst brukarar i heimetenesene/omsorgssenter	3 500	3 500	1
Skule	Vedlikehald og fornying av datamaskiner og digitale læremiddel/lisensar	1 000		2
Teknisk og miljø	Lovkrav/forskriftskrav – utdanning, stilling beredskap, husleige stasjon	3 500	3 500	3
Teknisk og miljø	Underdekning – byggvedlikehald	500	500	4
Helse og sosial	Lisensar Visma, RS, EPJ	100	100	5
Teknisk og miljø	Drift av nye bygg/hallar	1 000	1 000	6
Kultur og idrett	Tilskotsmidlar til frivilliglivet, kultur og idrett – opptapping	400	400	7
Kultur og idrett	Tilskot til leige av Dragehallen (turn og klatring)	500	500	8
Kultur og idrett	Digitale bibliotektenester og fokus på ny formidling	80	80	9
Kultur og idrett	Teatertilbod kulturskulen	60	60	10
Helse og sosial	Driftskostnader som ikkje er komen med i 2020 budsjettet	580	580	11
Skule	To nye fagstillingar i PPT (styrke kompetanseteam)	1 000	1 000	12
Barnehage	Kompetanseteam	1 000	1 000	12
Barnehage	Spes.ped og styrking	1 500	1 500	13
Stab og støtte	Handlingsplan digitaliseringsstrategi	2 000	2 000	14
Barnehage	Pedagognorm (fleire barnehagar går på disp.)	2 400	2 400	15
Skule	Auke i tal timar til tilpassa opplæring med 40 veketimar (60 min)	2 000	2 000	16
Helse og sosial	Fullfinansiering av utekontakt stilling	290	290	17
Helse og sosial	Butilbod i ein anna kommune, enkeltbrukar	490	490	18
Stab og støtte	Lærlingar - delfinansiering (frå 1 til 2 lærlingar pr. 1000 innbyggjar)	500		19
Omsorg	Omsorgssenter; rekrutteringstiltak	2 300	2 300	20
Stab og støtte	Lønspott til harmonisering	2 000	2 000	21
Helse og sosial	Kompensasjon for meldt gradvis reduksjon av styrkingsmidlar skulehelsetenesta	500	500	22
Helse/kultur og idrett	Førebyggjande tiltak for ungdom	950	950	23
Skule	Leirskule, lovfasta tiltak	500	500	24
Teknisk og miljø	Vegvedlikehald - vektklasse problematikk	300	300	25
Teknisk og miljø	Underdekning – vegvedlikehald	2 200	2 200	25
Helse og sosial	Fysio/ergoterapei: fullfinansiering av stilling som turnusfysioterapeut	300	300	26
Stab og støtte	Innkjøpsressurs (vedtak om å ikkje delta i innkjøpssamarbeid)	650	650	27
Teknisk og miljø	Reinhald hall på Skei og Halbrend	500	500	28
Barnehage	Kontinuerleg barnehageopptak	500	500	29
Kultur og idrett	Arrangements- og driftsstøtte (Landsfestivalen g.d. musikk/ Teater Vestland)		-	30
Skule	Nye elevar i skulen med behov for spes.ped.	1 500	1 500	31
Stab og støtte	Kreftkoordinator – auke frå 50 % til 100 %	425	425	32
Barnehage	Tilskot til private barnehagar	1 500	1 500	33
Stab og støtte	Jurist med kompetanse innan barnevern - delfinansiering	500	500	34
Helse og sosial	Beredskapsgodtgjersle og kompensasjon koordinering Best trening	750	750	35
Omsorg	Einingsleiar bemanningssenter	1 000	1 000	36
Kultur og idrett	Subsidert halleige for barn og unge, Idrettshallane	1 500	1 500	37
Teknisk og miljø	Vaktmeister Astruptunet	500	500	38
Teknisk og miljø	Drift som følgje av nye bygg (eks. reinhald)	500	500	39
Omsorg	Auke i ressurskrevjande tenester/fleire brukarar	21 225	21 225	40
Teknisk og miljø	ENØK	500	500	
SUM		63 000	61 500	

Oppsummert

Budsjettutfordringa etter at einingane hadde levert sine budsjettframlegg var på ca. 90 mill. kroner. Alle budsjettframlegg er kvalitetssikra med kritisk gjennomgang av budsjetterte inntekter/refusjonar, vikarkostnadar, innsparingar og der nye tiltak som ikkje er prioritert er tekne ut. Sjå elles omtale av kvar sektor i dei påfølgande kapitla.

Etter kvalitetssikring og generell saldering var samla budsjettutfordring redusert til 56 mill. kroner. Fordelinga mellom sektorane er vist som beløp i kakediagram under.



Årsaka til budsjettutfordringa oppsummert:

- **Stab og støtte:** Auka kostnad digitalisering, lisensar M365, nye fagsystem og integrasjonar, Digi Vestland
- **Skular:** Vaksenopplæring og integrering
- **Barnehagar:** Tilskot til private barnehagar
- **Helse og sosial:** Legetenesta, auka kostnad basistilskot legane
- **Omsorg:** Auka tal brukarar og auka tenestebhov
- **Finansielle føremål:** Reduksjon i integreringstilskot

Salderingstiltak

For å finansiere budsjettutfordringane på 56 mill. kroner er følgjande salderingstiltak innarbeidd i årsbudsjett 2022:

Potensielle salderingstiltak	Framlegg	
Innsparing tilsvarande reduksjon i flyktingtilskot	- 11 000 000	Eigen omstillingsprosess
Tiltak innan omsorg	- 15 000 000	Eigen omstillingsprosess
Tiltak skule, skuleskyss og SFO - ansvar 100	- 2 300 000	
Tiltak vaksenopplæring og integrering		
Private barnehagar og spes ped - ansvar 100	- 1 100 000	
Likebehandling barnehagar	- 500 000	
Sentral legeavtale kompensert i statsbudsjett	- 523 000	Statsbudsjett
Legetenesta	- 500 000	
SYSIKL - innsparing/mindreforbruk	- 500 000	
Vakante stillingar - stab/støtte	- 3 000 000	
Barnekoordinator - fagutvikling	- 200 000	Statsbudsjett
VAR	- 2 000 000	
Flyktingtilskot - maks potensielle 28 mill. kroner	- 2 000 000	
Stryke prioriterte tiltak i økonomiplan	- 1 500 000	Tiltak 2 og 19
Auka overføring i statsbudsjettet	- 10 995 660	Inkl. 6,2 mill. kr i ekstra inntektsutjamnande tilskot
Stryke overføring til investering	- 2 900 000	Auke i budsjettet avdrag finansierer tilsvarande
Konsesjonskraft (avgift)	- 1 000 000	
Auke eigedomsskatt	- 1 000 000	
SUM	- 56 018 660	-

Kommunestyret vedtok gjennom tilleggsproposisjon til statsbudsjettet og gjennom punkt 1a reduksjon av innsparingstiltak flyktingtilskot frå 11 til 8 mill. kroner og innsparingstiltak innan omsorg frå 15 til 7,7 mill. kroner.

Omtale av salderingstiltak

Omstillingsprosess – reduksjon i flyktingtilskot

Frå 2020 til 2022 er flyktingtilskotet redusert med ca. 25 mill. kroner. Arbeidet med å integrere busette flyktingar involverer fleire tenester, ikkje berre eininga Vaksenopplæring og integrering. Flyktingane skal ha helsetenester, sosiale tenester, oppfølging i skule, barnehage og eldreomsorg. Reduksjonen i flyktingtilskotet vil påverke mange ulike tenestemråde og kan få store konsekvensar for tenestetilbodet i ulike einingar.

Vaksenopplæring og integrering har tilpassa tenesta til reduksjonen i tal busette flyktingar. Det er difor avgrensa kva eininga kan redusere ytterligare, slik den no er organisert. Flyktingane som blir busette, skal framleis ha oppfølging og undervisning i norsk og samfunnsfag.

Det er difor naudsynt å vurdere ei omstilling av tenesta, og utgreie moglege løysingar for vidare organisering. Aktuelle tiltak er endra lokalisering som reduserer husleigeutgiftene. Slå saman tenester for å kunne effektivisere bruken av ressursane og redusere timetalet til framandspråk- og morsmålsundervisning i grunnskulen.

Arbeidet med å utgreie moglege løysingar vil starte opp ved årsskifte og følgjande tiltak blir vurdert.

- Endra lokalisering frå leigde lokale til eigne kommunale lokale, 3 mill. kroner
- Samarbeid med skule om utnytting av lærarressursar, 1,4 mill. kroner
- Endra organisering av flyktningetenesta, 1 mill. kroner
- Reduksjon av timetalet til morsmål og framandspråk i grunnskulen, 1,0 mill. kroner

Samla kan tiltaka potensielt gi ei innsparing på 6,4 mill. kroner i skulesektoren.

Resterande del av innsparinga på 4-5 mill. kroner skal skje innan helse og sosialsektoren, der ein må sjå på det totale tenestetilbodet i einingane.

Omstillingsprosess – tiltak innan omsorg

Kommunen pliktar å yte nødvendige helse- og omsorgstenester til personar som bur og oppheld seg i kommunen. Omsorgssektoren har stor etterspørsel etter tenester. Fleire brukarar skal ha tenester og tenestene vert meir komplekse. Med budsjettet skal vi synleggjere eit realistisk behov med utgangspunkt i eit komplekst utfordringsbilde. Vi skal løyse så mange oppgåver vi kan, for så mange av innbyggjarane våre som vi kan, med dei ressursane vi har tilgjengeleg. Budsjettprosessen er ei krevjande øving.

Einingane har lagt fram nøkterne, men realistiske budsjett ut i frå dagens driftssituasjon. Budsjetta har gjennomgått ein kontroll og er blitt justert ned. Avviket frå ramma er i overkant av 22 mill. kroner. Auken i behov kan forklarast med at det i budsjettet er lagt inn 21 nye årsverk og nye ressurskrevjande tiltak. Dette er årsverk og tiltak som vert nytta i dag, og som forklarar meirforbruket innan sektoren i 2021.

Omsorgssektoren skal finne kostnadsreducerande tiltak tilsvarande 15 mill. kroner. Aktuelle tiltak er fordelt mellom omsorgssentera, heimetenestene, og bu- og miljøtenestene. Nokre innsparingstiltak er utgreia i Agenda Kaupang sin «*Sluttrapport frå prosjekt om større økonomisk handlingsrom i Sunnfjord kommune*» frå 03.03.2020.

Enkelte tiltak:

- kan enkelt implementerast ved å gjere rettingar i budsjettframlegget
- må arbeidast med i einingane, dette gjeld særleg innsparingstiltak
- må gjennomførast som større omstillingsprosessar

Overordna tiltak

- Helsefremjande arbeidstidsordningar og redusere sjukefråvær
- Betre planlegging av helgevakter

Tiltaka gjeld særskilt turnuseiningane med døgndrift. Det vil krevje eit endrings- og haldningsarbeid, men har liten konsekvens for drift. Bemanningssenteret, som vert etablert i 2022, skal ha særskilt kompetanse på ulike arbeidstids- og turnusordningar og bistå einingane i dette arbeidet.

Omsorgssenter

- Utviklingsarbeid
- Velferdsteknologi
- Redusere tilbodet

Vi gjennomfører eit utviklingsarbeid i omsorgssentera. Vi ønsker å tenke nytt om organisering og måten vi jobbar på i dag. Vi vil kartlegge kva oppgåver vi gjer, korleis vi gjennomfører oppgåvene og vurdere om vi kan jobbe på ein annan måte. Kartlegge – analysere – beslutte – gjennomføre – evaluere. Dette vil gje oss ei god oversikt over drift, god ressursutnytting, god involvering og sikre at vi har rett person på rett plass.

Potensiale for effekt av velferdsteknologi er ikkje så stort innan omsorgssentera som i andre einingar, men det vil kunne gje noko effekt også her. Spesielt digitale tilsyn, digitale dørlåsar/-opnar og lokaliseringsteknologi kan vere relevante.

Det er god utnytting av institusjonsplassane i dag og omsorgssentera melder behov for 7,8 nye årsverk i budsjettet. Dette for å løyse dagens driftssituasjon. Likevel vil ikkje alle einingane nå målet om ein pleiefaktor på 0,8 (tal årsverk i pleie pr. plass). Dersom sektoren skal nå salderingskravet, må vi vurdere ein reduksjon av tenestetilbodet. I omsorgssentera vil det bety å redusere tal plassar. For å gje effekt, bør tal plassar reduserast så mykje at alle einingane oppnår pleiefaktor 0,8 og nye årsverk i budsjettet kan takast ut. Konsekvens av tiltaket er krevjande omstillingsprosess, auka press på heimetenestene, venteliste og ha stor konsekvens for drifta.

Heimetenester

- Elektronisk medisineringsstøtte
- Velferdsteknologi
- Redusere nye årsverk lagt inn i budsjett 2022

Vi må ha eit større systematisert arbeid og fokus på velferdsteknologiske løysingar i heile sektoren, men størst potensiale er det i heimetenestene. Agenda Kaupang rapporten skisserer innspareingspotensialet ved ulike velferdsteknologiske løysingar som vert førande for arbeidet. Velferdsteknologiske løysingar vil gje betre ressursutnytting, betre kvalitet for brukarane i form av større friheit, meistring, men og mindre kontakt med tenesteapparatet.

Heimetenestene er i vekst, og det er eit høgt arbeidspress i einingane. Det er lagt inn 8,7 nye årsverk i heimetenestene i 2022. Årsverka kan lett takast ut av budsjettet, men utgiftene kjem då dei alt vert nytta for å løyse dagens oppgåver. Nye oppgåver vi veit kjem i 2022 er ikkje lagt inn i form av nye årsverk.

Bu- og miljøtenester/butiltak psykisk helse

- Velferdsteknologi
- Redusere nye årsverk lagt inn i budsjett 2022
- Løyse ny ressurskrevjande teneste innan eksisterande ramme

Potensiale for effekt av elektronisk medisineringsstøtte og andre velferdsteknologiske løysingar er ikkje så stort innan bu- og miljø som i andre einingar, men vi antar at det vil kunne gje noko effekt også her.

Det kjem jamleg til nye brukarar. Det er lagt inn 4 nye årsverk innan bu- og miljø i 2022. Alle årsverka er knytt til ressurskrevjande tiltak med lovpålagte tenester. Nye oppgåver vi veit kjem i 2022 er ikkje lagt inn i form av nye årsverk. Det vil krevje omstillingsprosessar og gje urealistiske budsjett å ta ut nye årsverk.

Det må vurderast om nytt butiltak ressurskrevjande teneste kan løysast innan tildelt ramme 2022. Det er eit komplisert reknestykke, men lett å implementere dersom utrekninga er rett.

Økonomisk oversikt – drift

Tabellen nedanfor er obligatorisk oversikt i årsbudsjettet. Den viser samla driftsinntekter på 2,0 mrd. kroner i 2022. Både sum driftsinntekter og sum driftsutgifter er lågare i budsjett 2021 og 2022 enn i rekneskap for 2020. Det kan forklarast med at det ikkje vert budsjettert med sjuke- og fødselsrefusjon og vikarutgifter. I rekneskap 2020 og revidert budsjett 2021 inngår og inntekter og utgifter i samband med Covid-19.

Netto driftsresultat er auka frå 1,2 % i revidert budsjett 2021 til 1,6 % i budsjett 2022.

Økonomisk oversikt - drift §5-6	Budsjett 2022	Rev. Budsjett 2021	Oppr. budsjett 2021	Regnskap 2020
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	754 011 000	731 918 000	722 403 000	761 751 723
2 Inntekts- og formuesskatt	734 553 000	709 587 000	707 147 000	630 394 155
3 Eiendomsskatt	81 700 000	78 300 000	78 300 000	73 477 311
4 Andre skatteinntekter	2 500 000	-	-	6 160 287
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	43 612 833	68 029 287	58 325 000	74 563 642
6 Overføringer og tilskudd fra andre	175 026 277	173 410 816	174 583 989	309 223 773
7 Brukerbetalingar	74 109 870	79 633 858	80 858 723	75 165 659
8 Salgs- og leieinntekter	163 068 076	157 651 355	157 503 355	186 598 489
9 Sum driftsinntekter	2 028 581 056	1 998 530 316	1 979 121 067	2 117 335 040
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	1 093 934 277	1 062 385 519	1 060 629 264	1 111 705 362
11 Sosiale utgifter	278 442 158	275 977 091	275 435 986	251 242 095
12 Kjøp av varer og tjenester	425 526 103	428 999 604	420 078 829	499 001 605
13 Overføringer og tilskudd til andre	112 024 361	113 699 892	105 278 778	143 223 273
15 Sum driftsutgifter	1 909 926 899	1 881 062 106	1 861 422 857	2 005 172 336
16 Brutto driftsresultat	118 654 157	117 468 210	117 698 210	112 162 704
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	10 877 293	14 730 000	14 730 000	9 068 188
18 Utbytte	29 423 000	25 502 840	25 502 840	18 080 099
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	12 597 900	7 498 000	7 498 000	11 412 433
20 Renteutgifter	43 205 000	47 203 765	47 203 765	42 755 793
21 Avdrag på lån	96 873 000	95 000 000	95 000 000	94 661 431
22 Netto finansutgifter	- 87 179 807	- 94 472 925	- 94 472 925	- 98 856 505
24 Netto driftsresultat	31 474 350	22 995 285	23 225 285	13 306 199
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	- 36 502 000	- 28 536 000	- 24 830 000	- 53 827 330
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne drif	4 416 650	3 234 715	1 604 715	450 544
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjon	611 000	2 306 000	-	6 573 892
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	-	-	-	34 397 783
28 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
29 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	- 31 474 350	- 22 995 285	- 23 225 285	- 13 306 199
30 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-

Bevilgningsoversikt – drift

Tabellen nedanfor er obligatorisk oversikt i årsbudsjettet. Den viser samla bevilgning til fordeling på sektorane. Beløpet til fordeling er auka frå 1 448 mill. kroner i revidert budsjett 2021 til 1 471 mill. kroner i budsjett 2022.

Bevilgningsoversikt - drift (budsjett) §5-4, 1. ledd	Budsjett 2022	Revidert Budsjett 2021	Budsjett 2021	Regnskap 2020
1 Rammetilskudd	754 011 000	731 918 000	722 403 000	761 751 723
2 Inntekts- og formueskatt	734 553 000	709 587 000	707 147 000	630 394 155
3 Eiendomsskatt	81 700 000	78 300 000	78 300 000	73 477 311
4 Andre generelle driftsinntekter	34 769 000	45 760 000	45 760 000	42 155 100
5 Sum generelle driftsinntekter	1 605 033 000	1 565 565 000	1 553 610 000	1 507 778 289
6 Sum bevilgninger drift, netto	1 486 378 843	1 448 096 790	1 435 911 790	1 395 615 585
8 Sum netto driftsutgifter	1 486 378 843	1 448 096 790	1 435 911 790	1 395 615 585
9 Brutto driftsresultat	118 654 157	117 468 210	117 698 210	112 162 704
10 Renteinntekter	10 877 293	14 730 000	14 730 000	9 068 188
11 Utbytter	29 423 000	25 502 840	25 502 840	18 080 099
12 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	12 597 900	7 498 000	7 498 000	11 412 433
13 Renteutgifter	43 205 000	47 203 765	47 203 765	42 755 793
14 Avdrag på lån	96 873 000	95 000 000	95 000 000	94 661 431
15 Netto finansutgifter	- 87 179 807	- 94 472 925	- 94 472 925	- 98 856 505
17 Netto driftsresultat	31 474 350	22 995 285	23 225 285	13 306 199
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
18 Overføring til investering	- 36 502 000	- 28 536 000	- 24 830 000	- 53 827 330
19 Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	4 416 650	3 234 715	1 604 715	- 450 544
20 Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	611 000	2 306 000	-	40 971 675
21 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-
22 Sum disponeringer eller dekning av netto drift	- 31 474 350	- 22 995 285	- 23 225 285	- 13 306 199
23 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-	-

§ 5 – 4 Bevilgningsoversikt 2L

Ansvar	Ansvarsnamn	Budsjett 2022	Rev. budsjett 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
100	Kommunedirektør	147 278 510	197 548 597	194 742 490	159 583 568
110	Personal	15 040 723	15 201 409	15 180 529	15 089 403
115	Service	23 666 297	24 677 715	24 778 890	22 109 845
120	SYS IKT	0	0	0	-850 831
130	Rekneskap og lønn	11 775 000	11 766 212	11 695 999	13 517 724
140	Fagutvikling	20 246 968	24 245 515	24 249 449	26 718 531
150	Næring og samfunnsutvikling	7 476 302	7 873 286	7 864 441	7 434 180
160	Kommuneadvokaten	1 347 988	1 345 888	1 343 417	1 315 548

Ansvar	Ansvarsnavn	Budsjett 2022	Rev. budsjett 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
210	Førde barneskule	24 346 145	23 109 797	23 374 945	23 641 385
211	Halbrend skule	39 348 273	37 149 019	37 506 203	37 781 904
212	Karstad skule og barnehage	0	3 034 846	4 107 366	4 338 666
213	Sunde skule	16 074 276	15 129 273	14 883 622	14 347 137
214	Holsen skule og barnehage	9 839 698	9 851 181	9 703 108	8 598 409
215	Frøysland skule	2 284 204	3 287 575	3 335 752	3 086 441
216	Vevring skule og barnehage	3 080 121	3 783 709	3 917 432	3 562 572
217	Slåtten skule	29 873 996	30 280 392	31 200 453	29 459 886
218	Flatene skule	23 727 519	23 374 015	23 188 781	20 833 337
219	Førde ungdomsskule	31 246 607	30 301 065	30 710 910	28 098 565
220	Viksdalen skule	7 936 726	7 466 756	7 655 876	7 544 023
221	Sande skule	31 124 429	28 608 569	28 917 806	26 761 987
222	Bygstad skule	11 631 957	10 999 704	11 436 022	11 875 371
223	Skei skule	17 895 523	16 903 243	17 563 650	17 328 278
224	Vassenden skule	29 141 926	28 542 103	29 916 571	27 070 598
225	Naustdal skule	37 924 972	37 855 956	39 206 420	34 217 559
260	PPT	14 713 163	11 791 849	11 451 013	10 270 438
270	Vaksenopplæring og integrering	14 400 342	12 176 076	11 719 732	20 516 684
310	Slåttebakkane barnehage	5 521 820	5 945 964	5 735 475	6 786 688
311	Halbrend barnehage	8 669 401	8 308 678	8 090 900	7 928 240
312	Vie barnehage	14 122 424	14 269 270	14 021 456	13 688 112
313	Solsida barnehage	14 296 806	14 246 796	14 106 157	12 821 290
314	Vieåsen barnehage	8 272 942	8 360 706	8 354 115	8 625 283
315	Tusenfryd barnehage	7 924 828	8 938 789	8 702 886	8 428 138
316	Hatlehaugen barnehage	6 490 772	6 784 587	6 616 609	5 966 722
317	Ytre Hafstad barnehage	9 513 896	9 157 032	9 448 234	10 082 142
318	Nærleiken barnehage	13 136 693	12 710 947	11 741 535	13 744 553
319	Sunde barnehage	9 778 574	9 241 858	8 606 848	8 388 638
320	Viksdalen barnehage	2 361 733	2 322 656	2 190 585	2 173 079
321	Bygstad barnehage	8 564 373	8 141 740	8 275 863	7 738 004
322	Skei barnehage	8 840 644	8 740 557	8 880 389	8 272 093
323	Langhaugane barnehage	9 889 207	10 158 139	9 195 960	8 702 110
324	Lunden barnehage	9 268 887	9 564 975	10 168 873	9 914 796
325	Karstad barnehage	1 933 337	0	0	0
410	Fysio- og ergoterapitenesta	14 134 048	13 785 829	13 818 357	13 286 576
420	NAV	42 348 393	42 048 514	43 057 984	37 436 674
430	Legetenesta	49 559 555	48 575 291	48 615 497	55 447 602
440	Helsestasjonen	19 369 652	18 959 539	18 963 767	17 539 686
450	Barnevernstenesta	56 366 422	46 628 059	46 574 832	52 896 723
460	Aktivitetseininga	30 940 199	29 452 231	29 515 088	28 978 641
470	Psykisk helse og rus	17 279 533	16 529 698	16 726 031	14 496 009
510	Førde omsorgssenter, korttid	15 425 593	15 077 995	15 046 623	15 745 571
511	Førde omsorgssenter, langtid	17 229 389	15 858 759	15 788 982	17 810 172
512	Førde omsorgssenter, skjerma	18 092 352	17 311 410	17 210 929	18 185 074
513	Sande omsorgssenter	22 694 499	22 157 885	22 873 677	19 811 044
514	Naustdal omsorgssenter	15 333 246	14 267 966	14 707 607	15 282 595
515	Skei omsorgssenter	20 957 194	19 560 150	20 163 813	22 749 178

Ansvar	Ansvarsnavn	Budsjett 2022	Rev. budsjett 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
210	Førde barneskule	24 346 145	23 109 797	23 374 945	23 641 385
211	Halbrend skule	39 348 273	37 149 019	37 506 203	37 781 904
212	Karstad skule og barnehage	0	3 034 846	4 107 366	4 338 666
213	Sunde skule	16 074 276	15 129 273	14 883 622	14 347 137
214	Holsen skule og barnehage	9 839 698	9 851 181	9 703 108	8 598 409
215	Frøysland skule	2 284 204	3 287 575	3 335 752	3 086 441
216	Vevring skule og barnehage	3 080 121	3 783 709	3 917 432	3 562 572
217	Slåtten skule	29 873 996	30 280 392	31 200 453	29 459 886
218	Flatene skule	23 727 519	23 374 015	23 188 781	20 833 337
530	Sande heimeteneste	14 048 461	13 411 166	13 754 223	10 364 950
531	Naustdal heimeteneste	20 265 732	19 667 757	20 229 311	20 148 524
532	Skei heimeteneste	18 155 044	17 475 420	17 958 572	19 776 597
533	Vassenden heimeteneste	19 048 702	16 255 031	16 644 067	15 549 553
534	Førde heimeteneste, eining 1	27 631 880	27 223 002	27 091 001	27 627 997
535	Førde heimeteneste, eining 2	40 211 796	34 372 225	34 254 301	35 240 888
550	Skei bu- og miljøteneste	9 941 418	12 821 730	13 147 954	13 108 893
551	Førde bu- og miljøteneste, eining 1	14 579 472	19 504 969	19 402 548	22 868 728
552	Førde bu- og miljøteneste, eining 2	15 208 168	16 548 612	16 469 421	16 502 738
553	Førde bu- og miljøteneste, eining 3	8 574 432	16 790 681	16 736 251	17 278 429
554	Sande bu- og miljøteneste	14 382 775	19 156 631	19 684 845	17 597 741
555	Naustdal bu- og miljøteneste	15 839 920	21 012 612	21 578 178	21 038 454
556	Bu- og avlastingstenesta	12 327 648	11 771 320	11 748 349	13 318 089
570	Butiltak psykisk helse	26 875 226	29 888 450	29 909 786	29 135 765
580	Tildelingseininga	7 194 525	6 861 087	6 862 614	5 895 182
590	Kjøkkentenesta	16 925 794	16 755 120	16 925 962	18 054 549
595	Bemanningsseininga	641 000	0	0	0
610	Kultur og ungdom	11 770 208	11 534 287	11 477 589	12 802 847
620	Idrett og friluftsliv	3 828 573	3 916 043	3 176 139	3 012 464
630	Kulturskule	8 235 512	8 268 145	8 267 771	8 931 865
640	Bibliotek	6 869 474	6 681 955	6 693 981	6 492 791
710	Bygg- og eigedomsforvaltning	33 560 303	30 856 053	30 646 633	15 470 090
720	Reinhald vaskeri	44 913 000	43 963 142	44 275 859	42 082 894
730	Teknisk drift	31 768 000	30 321 269	30 345 881	27 487 507
740	Brann og redning	21 016 466	17 848 772	17 825 461	19 219 162
750	Areal og byggesak	11 329 510	10 170 652	9 936 141	7 137 169
760	Landbruk og miljø	7 613 476	7 686 077	7 557 212	6 894 843
770	VAR	-26 115 749	-24 614 507	-24 529 752	-29 105 321
900	Finansielle føremål - driftsdel	0	-71 460 681	-89 008 457	-65 494 444
	Sum bevilgningar drift netto	1 486 378 843	1 448 096 790	1 435 911 790	1 395 615 585

Avsetjing til bunde fond §5-4, 2 ledd					
Ansvar	Ansvarsnamn	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
100	Kommunedirektør	0	0	0	10 554 705
115	Service	0	0	0	34 000
120	SYS IKT	0	0	0	850 000
140	Fagutvikling	0	0	0	3 773 406
150	Næring og samfunnsutvikling	0	0	0	1 539 475
211	Halbrend skule	0	0	0	454 000
213	Sunde skule	0	0	0	305 340
218	Flatene skule	0	0	0	45 772
219	Førde ungdomsskule	0	0	0	40 000
220	Viksdalen skule	0	0	0	62 905
225	Naustdal skule	0	0	0	182 037
312	Vie barnehage	0	0	0	20 000
322	Skei barnehage	0	0	0	18 156
420	NAV	0	0	0	500 000
440	Helsestasjonen	0	0	0	200 000
450	Barnevernstenesta	0	0	0	808 000
460	Aktivitetseininga	0	0	0	1 688 379
470	Psykisk helse og rus	0	0	0	506 175
510	Førde omsorgssenter, korttid	0	0	0	3 711
511	Førde omsorgssenter, langtid	0	0	0	728 400
512	Førde omsorgssenter, skjerma	0	0	0	200
514	Naustdal omsorgssenter	0	0	0	11 000
515	Skei omsorgssenter	0	0	0	31 850
532	Skei heimeteneste	0	0	0	86 350
533	Vassenden heimeteneste	0	0	0	175 750
534	Førde heimeteneste, eining 1	0	0	0	5 400
535	Førde heimeteneste, eining 2	0	0	0	33 387
550	Skei bu- og miljøteneste	0	0	0	71 055
551	Førde bu- og miljøteneste, eining 1	0	0	0	60 000
610	Kultur og ungdom	27 000	200 000	200 000	633 687
620	Idrett og friluftsliv	0	0	0	376 663
630	Kulturskule	0	0	0	91 043
640	Bibliotek	0	0	0	45 000
710	Bygg- og eigedomsforvaltning	0	0	0	1 752 154
750	Areal og byggesak	0	0	0	1 224 920
760	Landbruk og miljø	626 930	500 000	500 000	676 462
770	VAR	0	0	0	2 782 766
900	Finansielle føremål	0	200 000	200 000	92 492
	SUM avsetjing til bundne fond	653 930	900 000	900 000	30 464 640

Avsetjing til ubunde fond §5-4, 2 ledd					
Ansvar	Ansvarsnamn	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
900	Finansielle føremål	0	0	0	34 397 783
	SUM avsetjing til ubundne fond	0	0	0	34 397 783

Bruk av bunde fond §5-4, 2 ledd					
Ansvar	Ansvarsnamn	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
100	Kommunedirektør	0	-170 000	0	-2 022 694
140	Fagutvikling	0	0	0	-6 047 380
150	Næring og samfunnsutvikling	0	0	0	-515 659
210	Førde barneskule	0	0	0	-131 521
213	Sunde skule	0	0	0	-150 000
219	Førde ungdomsskule	0	0	0	-6 550
220	Viksdalen skule	0	0	0	-12 029
224	Vassenden skule	0	0	0	-44 337
225	Naustdal skule	0	0	0	-9 325
420	NAV	-170 393	-1 100 000	-1 100 000	-150 000
440	Helsestasjonen	0	0	0	-410 000
450	Barnevernstenesta	-715 407	0	0	0
460	Aktivitetseininga	-1 081 199	-548 000	-548 000	-1 494 703
470	Psykisk helse og rus	0	0	0	-530 479
510	Førde omsorgssenter, korttid	0	0	0	-201 299
514	Naustdal omsorgssenter	0	0	0	-5 960
531	Naustdal heimeteneste	0	0	0	-149 072
532	Skei heimeteneste	0	0	0	-192 463
590	Kjøkkentenesta	-115 000	0	0	0
610	Kultur og ungdom	-10 000	0	0	-60 529
620	Idrett og friluftsliv	0	0	0	-3 960
630	Kulturskule	0	0	0	-393 000
640	Bibliotek	0	0	0	-168 340
730	Teknisk drift	0	0	0	-1 064 764
740	Brann og redning	-354 373	-356 715	-356 715	-539 808
750	Areal og byggesak	-637 331	0	0	0
760	Landbruk og miljø	-500 000	-500 000	-500 000	-171 128
770	VAR	-1 486 877	0	0	-398 914
900	Finansielle føremål	0	-1 460 000	0	-15 140 185
	SUM bruk av bundne fond	-5 070 580	-4 134 715	-2 504 715	-30 014 099

Bruk av ubunde fond og tidlegare års rekneskapsmessige mindreforbruk §5-4, 2 ledd					
Ansvar	Ansvarsnamn	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
900	Finansielle føremål	-611 000	-2 306 000	0	-75 369 458
	SUM bruk av ubundne fond	-611 000	-2 306 000	0	-75 369 458


Overføring til investering §5-4, 2 ledd					
Ansvar	Ansvarsnamn	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2021	Budsjett 2021	Rekneskap 2020
900	Finansielle føremål	36 502 000	28 536 000	24 830 000	53 827 330
	SUM overføring til investering	36 502 000	28 536 000	24 830 000	53 827 330



Del II - driftsbudsjett fordelt på sektor

Dette kapitlet omfattar sektorvis informasjon om organisering, budsjettframlegg og ikkje løyste utfordringar for kvar av sektorane.

Skule



Skule

Ansvar	Skule	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
210	Førde barneskule	23 641 385	23 109 797	24 346 145
211	Halbrend skule	37 781 904	37 149 019	39 348 273
212	Karstad skule og barnehage	4 338 666	3 034 846	0
213	Sunde skule	14 347 137	15 129 273	16 074 276
214	Holsen skule og barnehage	8 598 409	9 851 181	9 839 698
215	Frøysland skule	3 086 441	3 287 575	2 284 204
216	Vevring skule og barnehage	3 562 572	3 783 709	3 080 121
217	Slåtten skule	29 459 886	30 280 392	29 873 996
218	Flatene skule	20 833 337	23 374 015	23 727 519
219	Førde ungdomsskule	28 098 565	30 301 065	31 246 607
220	Viksdalen skule	7 544 023	7 466 756	7 936 726
221	Sande skule	26 761 987	28 608 569	31 124 429
222	Bygstad skule	11 875 371	10 999 704	11 631 957
223	Skei skule	17 328 278	16 903 243	17 895 523
224	Vassenden skule	27 070 598	28 542 103	29 141 926
225	Naustdal skule	34 217 559	37 855 956	37 924 972
260	PPT	10 270 438	11 791 849	14 713 163
270	Vaksenopplæring og integrering	20 516 684	12 176 076	14 400 342
	Skule	329 333 240	333 645 128	344 589 877

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Teneste 20220 Undervisning i grunnskule

Skulane sitt budsjett bygger på tildelte rammetimar. Rammetimane følgjer skuleåret og budsjettet blir justert tilsvarende med 5/12 verknad kvar haust. Grunna desse endringane avvik dei fleste skulane frå tildelt ramme. Nokre skular får eit høgare timetal og andre skular får eit redusert timetal etter budsjettjusteringa. Timetalet blir justert etter endringar i elevtal og endra behov skulen har for spesialundervisning. Sektoren si samla ramme er på 351 mill. kroner. Sektoren budsjetterer med eit avvik i høve ramma på 5,2 mill. kroner. Avviket ligg hovudsakleg til eininga Vaksenopplæring og integrering. Eininga har vekst i elevtal når det gjeld grunnskuleopplæring for vaksne. Kostnadane per time i skulen er aukande, noko som har samanheng med auka krav til kompetanse og fleire ny-utdanna med masterutdanning.

I samsvar med innsparingskravet er Karstad skule redusert og Frøysland skule blir redusert med 5/12 i 2022. Samla innsparingskrav på struktur i 2022 er på 4 mill. kroner.

Driftsbudsjetta (frie driftsmidlar) er redusert med 0.3 mill. i skulen. Frå 2022 skal innsparring på rammetimetalet på 2 mill. til ordinær undervisning tilbakeførast til skulane. Redusert bemanning i Vaksenopplæring og integrering på 1,6 mill. kroner er gjennomført. Det same gjeld for SFO som har auka prisar og redusert bemanninga til 1 vaksen per 16 barn.

SFO og SFO spesial teneste 21500, 21510

Det er budsjettert med balanse i utgifter og inntekter for SFO. SFO skal drive etter sjølvkostprinsippet og foreldrebetalinga skal dekke utgiftene. Som ein del av innsparingskravet i sektoren vart bemanninga redusert til ein vaksen pr 16 barn frå skuleåret

20/21. I tillegg kjem prisauke og endringar i tilbodsstrukturen. Rekneskapen for 2021 viser at SFO vil gå med eit underskot på ca. 1 mill. kroner, slik at inntektene framleis ikkje dekker inn utgiftene.

Frå skuleåret hausten 2020 vart det innført ei ordning med inntektstak i SFO for barn på 1. og 2. trinn. Foreldre skal ikkje betale meir enn 6% av inntekta til SFO. Ordninga vart utvida til å gjelde for barn på 3. og 4. trinn frå 1. august 2021.

Elevar med særskilte behov har rett til SFO etter 5. trinn og ordninga skal vere gratis. For 2021 utgjør ordninga 0,5 mill. kroner. Desse utgiftene blir kompensert i overføringane til kommunen.

Endringane i SFO kan slå positivt ut for inntektene, sidan fleire foreldre kan velje tilbod med fleire timar i SFO per veke.

Pedagogisk psykologisk tenestekontor

PPT avvik ikkje frå den tildelte ramme, som er auka med 1,6 mill. kroner frå 2021. I samsvar med økonomiplanen for perioden 22-25 er det lagt inn to nye fagstillingar i budsjettet.

Vaksenopplæring og integrering

Vaksenopplæring og integrering skal drive etter introduksjonslova. I introduksjonslova inngår kvalifisering og opplæring i norsk og samfunnsfag. Normert tid i introduksjonsordninga er to år, men kan utvidast til eit tredje og fjerde år etter ei individuell vurdering. Dei siste to åra har busette flyktningar i introduksjonsordninga 2-5 år blitt halvert. Samstundes blir det busett færre flyktningar enn Sunnfjord kommune blir anmoda om å busette. I 2020 vart det busett 9, i 2021 19. Sunnfjord kommune blir årleg anmoda om å busette 28-30 flyktningar. For å tilpasse tenesta er stillingar som arbeider med integrering og oppfølging redusert til eit minimum med 2,5 stilling.

Vaksne som ikkje har fullført grunnskule har lovfesta rett til grunnskuleopplæring. Tilbodet er lagt til eininga Vaksenopplæring og integrering. Sjølv om tilbodet gjeld alle vaksne, er det flest flyktningar som får undervisning. For skuleåret 20-21 har elevtalet auka og med det utgiftene til grunnskuleopplæringa. Auken har samband med store kull som vart busett i 2015 og 2016. Mange av desse ønskjer no å fullføre grunnskulen, for å kunne ta vidaregåande utdanning. Kvar deltakar har rett til eit individuelt løp tilpassa sine behov. Spennet i nivå er stort, frå analfabetar til brukarar som må fullføre siste skuleår. Spennet i brukarar er ressurskrevjande. Auken i eininga sitt budsjett for 2022 skuldast difor behovet for fleire lærarar i ordninga.

Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Skulestrukturen i Sunnfjord kommune er desentralisert, likevel driv skulane billigare enn strukturen skulle tilseie. Konsekvensen er at mange skular har store klassar og få timar til tilpassa opplæring, deling i fag og spesialundervisning.

Skulane melder om utfordrande elevar og manglande ressursar for å følgje opp desse. Prosentvis aukar ikkje andelen elevar med spesialundervisning, men vanskaner er meir samansette og utfordrande. Skulane melder om utagerande elevar som treng kontinuerleg tilsyn. I tillegg melder skular om auka behov for spesialkompetanse for elevar med ulike

diagnosar. Det er eit omfattande lovverk som regulerer arbeidet med skulemiljøsaker. Vi skal ha nulltoleranse mot krenkingar og mobbing. Skal vi lukkast med å nå målet må skulane ha tilstrekkelig med ressursar for å kunne førebygge skulemiljøsaker og løyse saker når dei oppstår.

Utagerande elevar og elevar med store samansette vanskar krev ressursar. Desse elevane må få tildelt tilstrekkeleg med timar. Elevar med mindre vanskar må difor nedprioriterast i tildelinga av ressursane, noko som kan påverke deira utvikling fagleg og sosialt. Målet er å omstille frå spesialundervisning til tilpassa undervisning, slik at elevar med mindre faglege behov kan få hjelp innanfor dei ordinære rammene. Det er ei omstilling som krev ressursar, før behovet blir mindre og timane kan styrast inn mot elevar med store behov.

Budsjettet løyser ikkje skulane sitt ressursbehov inn mot elevar med spesielle behov. Det gir heller ikkje skulane tilstrekkelig handlingsrom for å arbeide med omstilling til tilpassa opplæring og førebygge miljøsaker.

Eit godt støttesystem er viktig for oppfølging av elevar og barn i skule og barnehage. Elevar og barn med store samansette vanskar og samansette skulemiljøsaker, utfordrar skulen sin kompetanse. Det er i slike saker behov for eit godt støttesystem. PPT skal arbeide individuelt og systemisk. På grunn av mange individ saker, har ikkje PPT kapasitet til å arbeide systemisk, men må prioritere sakkunnig utgreiing. PPT må prioritere sakkunnig uttale sidan det etter lova ikkje er høve til å ha ventelister.

Kompetanseteamet er organisert under PPT, men arbeider sjølvstendig ut mot barnehagane. Dei arbeider saman med barnehagane for å bygge kompetanse og for å rettleie tilsette. Kompetanseteamet vart bygd opp i tidlegare Førde kommune og teamet er ikkje dimensjonert for å handtere alle barnehagane i Sunnfjord kommune. Samla får barnehagane i Sunnfjord kommune eit redusert tilbod, eller eit ulikt tilbod. Det er behov for å styrke teamet, og det er ønskjeleg at teamet skal dimensjonerast for å kunne arbeide med barn og ungdom frå 0-16 år. Barn og ungdom i barnehage og skule har rett til logoped om det er sakkunnig forankra. I 2021 vart det omdisponert ressursar frå skule til PPT, for å løyse nokre av utfordringane i skulen. I barnehagen er det ikkje ressursar til logoped i kommunen, og tenestene må kjøpast av eksterne logopedar.

Med to nye stillingar i PPT vil nokre av utfordringane bli løyst, men budsjettet løyser ikkje utfordringane med logoped i barnehage. For at PPT skal kunne bygge kompetanse og arbeide målretta for å redusere spesialundervisning, vil det framleis vere behov for å auke kapasiteten.

Fagfornyninga, reviderte læreplanar og overordna del pålegg skulane å arbeide meir differensiert, bruke IKT som verktøy og fokusere på djupare læring. Overordna del av læreplanen og læreplanane skal sette fokus på utfordringane i samfunnet som berekraftig utvikling og den teknologiske utviklinga.

Skal fagfornyninga i Sunnfjord-skulen bli implementert etter intensjonane, er det behov for ressursar. Ressursar som gir skulane handlingsrom nok til å differensiere undervisninga og læringsaktivitetane.

Sunnfjord kommune har gjennomført eit stort løft ved i innføre ei digital eining per elev. Det gir skulane eit godt grunnlag og verktøy i arbeidet med fagfornyinga. Likevel er det utfordringar med læremiddel. Det er stor variasjon i kvaliteten på lærebøker og det vil vere behov for å kjøpe inn nye lærebøker tilpassa dei nye læreplanane. Nye læreverk i basisfaga norsk, matematikk og engelsk vil koste 6,5 mill. kroner. Det er lagt inn 0,5 mill. kroner i økonomiplanen til lærebøker i 2022. Budsjetta vil ikkje løyse utfordringa med å fornye elevane sine lærebøker i 2022.

Vaksenopplæring og integrering har utfordringar med å tilpasse tenesta til reduksjonen i busette flyktningar og auken i grunnskuleopplæring for vaksne. Eininga skal og kunne tilby grunnskule og norskopplæring som kveldsundervisning for dei som er i jobb på dagtid. Det kan vere arbeids innvandrarar, eller andre grupper. Eininga melder at dei ikkje kan tilby eit slikt tilbod på ettermiddag og kveld innanfor budsjettramma. Eininga har marginalt med ressursar for å kunne tilby individuelle løp for alle som tek grunnskuleopplæring for vaksne

På grunn av reduksjonen og nedbygging av eininga, vil konsekvensen på kort sikt bli at Sunnfjord kommune ikkje kan auke tal busette flyktningar om behovet skulle endre seg.

Barnehage

3 315 kr /mnd



Makspris 100 %
barnehageplass

- 2,0 MNOK



Innsparingskrav
innan barnehage

1,5 MNOK



Styrkingsmidlar

72,0 MNOK



Tilskot til private
barnehagar

Barnehage

Ansvar	Barnehage	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
310	Slåttebakkane barnehage	6 786 688	5 945 964	5 521 820
311	Halbrend barnehage	7 928 240	8 308 678	8 669 401
312	Vie barnehage	13 688 112	14 269 270	14 122 424
313	Solsida barnehage	12 821 290	14 246 796	14 296 806
314	Vieåsen barnehage	8 625 283	8 360 706	8 272 942
315	Tusenfryd barnehage	8 428 138	8 938 789	7 924 828
316	Hatlehaugen barnehage	5 966 722	6 784 587	6 490 772
317	Ytre Hafstad barnehage	10 082 142	9 157 032	9 513 896
318	Nærleiken barnehage	13 744 553	12 710 947	13 136 693
319	Sunde barnehage	8 388 638	9 241 858	9 778 574
320	Viksdalen barnehage	2 173 079	2 322 656	2 361 733
321	Bygstad barnehage	7 738 004	8 141 740	8 564 373
322	Skei barnehage	8 272 093	8 740 557	8 840 644
323	Langhaugane barnehage	8 702 110	10 158 139	9 889 207
324	Lunden barnehage	9 914 796	9 564 975	9 268 887
325	Karstad barnehage	0	0	1 933 337
	Barnehage	133 259 888	136 892 694	138 586 337

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Barnehagane sine budsjett byggjer på tildelte rammer, og sektoren samla er innanfor tildelte budsjetttrammer for 2022.

Foreldrebetaling i barnehage vil auke med kr. 85,- pr. måned frå 01.01.22, og ny makspris for 100 % barnehageplass er sett til kr. 3 315,- pr. måned. Sunnfjord kommune har lagt ny makspris til grunn i budsjettet for 2022.

Det er bestemt at barnehagesektoren skal ha kontinuerleg barnehageopptak gjennom året. Det medfører at barnehagane må justere tal barn, samt behov for bemanning utifrå kor tid barn vert tildelt barnehageplass. Dette vil føre til uføresette kostnader gjennom året.

Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Barnehagane budsjetterer samla innanfor tildelte budsjetttrammer for 2022, men ramma til den einskilde barnehage er svært stram og gir utfordringar.

Barnehagestrukturen, der vi ser ein overkapasitet av barnehageplassar i delar av Sunnfjord kommune, utfordrar i høve det å greie fylla opp barnehageplassar etter norm på 1 vaksen pr 6 plassar. Dette gir meirkostnader då barnehagane må ha personale heile opningstida, uavhengig av tal barn som nyttar barnehagen.

Sunnfjord kommune har fleire små barnehagar. Små barnehagar driv mindre kostnadseffektivt enn større barnehagar. Dette då ein ikkje har nokon stordriftsfordelar. Til dømes ved fråvær i personalgruppa kan ein i store barnehagar samarbeide på tvers av avdelingar slik at ein ikkje treng setje inn vikar for å ha nok vaksne i høve tal barn. I små

barnehagar må ein i langt større grad setje inn vikar for å ha forsvarleg drift gjennom heile barnehagen si opningstid. Dette gir uføresette, og auka kostnader til vikar.

Sunnfjord kommune betalar årleg ut tilskot til private barnehagar. Tilskot til private barnehagar er basert på den gjennomsnittlege kostnaden pr barn i kommunale barnehagar basert på to år gamle rekneskapstal. Utgangspunktet er at dei private barnehagane skal ha ei likeverdig økonomisk drift som dei kommunale barnehagane. Små kommunale barnehagar med låg oppfyltingsgrad i avdelingane gjev ein dyr barnehagestruktur som igjen gjev høgare tilskot til private barnehagar. Med noverande barnehagestruktur betalar Sunnfjord kommune høge tilskot til private barnehagar.

Barnehagane i Sunnfjord kommune har overtallige tilsette assistentar/fagarbeidarar. Dette fører til at fleire barnehagar ikkje følgjer vedteken pedagognorm, og må søke om dispensasjon frå pedagognorma. På sikt vil det å ha dispensasjon frå pedagognorma få konsekvensar for den faglege kvaliteten i den einskilde barnehage.

Sunnfjord kommune har høge utgifter til styrkingstiltak og spesialpedagogiske vedtak. Dette skuldast ikkje utelukkande mange vedtak, men svært kostbare vedtak der barna har samansette vanskar. Ved å kome tidleg inn vil ein kunne førebygge einskildvedtak, og dermed redusere kostnadane på sikt. Sunnfjord kompetanseteam jobbar førebyggjande inn mot barnehagane, gjennom tidleg innsats. Sunnfjord kompetanseteam rettleiar tilsette i barnehagane slik at barn som treng hjelp og støtte får dette utan at det er naudsynt med tilmelding til PPT, og utan av det vert naudsynt med vedtak etter barnehagelova.

Kompetanseteamet er organisert under PPT, men arbeider sjølvstendig ut mot barnehagane. Dei arbeider saman med barnehagane for å bygge kompetanse og for å rettleie tilsette. Kompetanseteamet vart bygd opp i tidlegare Førde kommune og teamet er ikkje dimensjonert for å handtere alle barnehagane i Sunnfjord kommune. Samla får barnehagane i Sunnfjord kommune eit redusert tilbod, eller eit ulikt tilbod. Det er behov for å styrke teamet, og det er ønskeleg at teamet skal dimensjonerast for å kunne arbeide med barn og ungdom frå 0-16 år. Barn og ungdom i barnehage og skule har rett til logoped om det er sakkunnig forankra. I 2021 vart det omdisponert ressursar frå skule til PPT, for å løyse nokre av utfordringane i skulen. I barnehagen er det ikkje ressursar til logoped i kommunen, og tenestene må kjøpast av eksterne logopedar.

Med to nye stillingar i PPT vil nokre av utfordringane bli løyst, men budsjettet løyser ikkje utfordringane med logoped i barnehage. For at PPT skal kunne bygge kompetanse og arbeide målretta for å redusere spesialundervisning, vil det framleis vere behov for å auke kapasiteten.

Høgt sjukefråvær og slitasje på tilsette i barnehagesektoren er ei utfordring. Årsakene til høgt sjukefråvær er samansette, og ein viktig faktor knytt til økonomiske overskridingar. Situasjonen knytt til korona gjer fråværsituasjonen meir utfordrande enn ved normale tilhøve. Ved høgt sjukefråvær vert arbeidspresstet auka på dei som er på jobb, noko som igjen kan føre til auka slitasje og auka fråvær.

IKT i barnehagen er eit forsømt område, og det er store variasjonar i kva barnehagane har av naudsynt IKT-utstyr. Fleire barnehagar melder om at dei manglar IKT-utstyr og PC til pedagogisk personale slik at pålagte oppgåver kan gjennomførast. Ein manglar også digitalt



utstyr til å kunne gjennomføre spesialpedagogiske opplegg. Barnehagane manglar IKT-utstyr til å kunne bruke saman med barna i barnehagen. Rammeplan for barnehagen seier at bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar, og gje eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Ved bruk av digitale verktøy skal dei tilsette vere aktive med barna. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna byrjar å utvikle ei etisk forståing knytt til digitale medier. Slik situasjonen er i Sunnfjord kommune stettar vi ikkje det som står i Rammeplan for barnehage knytt til barnehagen sin digitale praksis. Dette igjen gjer til at ein ikkje rustar barna til å møte IKT i skulen på ein god måte.

Krav om innsparing er krevjande for barnehagesektoren, og er inngripande i måten å drive barnehage på. Det fører og til at det rammar ulikt. Barnehagar som allereie driv effektivt og som fyller norma om 1 tilsett pr 6 plassar har eit lite innsparingspotensiale og har knappe ressursar til drift. Skal barnehagesektoren klare innsparingskravet må ein ta større grep enn det ein greier på drift.

Helse og sosial

- 1,1 MNOK



Redusert tilskot frå
helsedirektoratet til
helsestasjonen

- 0,5 MNOK



Innsparingskrav
knytt til legetenesta

0,4 MNOK



Styrking av Psykisk
helse og rus i
samband med
rusreforma

-11,0 MNOK



Saldering av
budsjettet
(fordelt mellom skule og
helse og sosial)



Helse og sosial

Ansvar	Helse og sosial	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
410	Fysio- og ergoterapitenesta	13 286 576	13 785 829	14 134 048
420	NAV	37 436 674	42 048 514	42 348 393
430	Legetenesta	55 447 602	48 575 291	49 559 555
440	Helsestasjonen	17 539 686	18 959 539	19 369 652
450	Barnevernstenesta	52 896 723	46 628 059	56 366 422
460	Aktivitetseininga	28 978 641	29 452 231	30 940 199
470	Psykisk helse og rus	14 496 009	16 529 698	17 279 533
	Helse og sosial	220 081 911	215 979 161	229 997 802

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Helse og sosial har fleire tenester som førebygger, og gir støtte og behandlingsteneste til eldreomsorga. Det er viktig at desse tenestene og blir styrka i samband med framtidig behovsutvikling. Fleire av tenestene i dag har så knappe ressursar at det går ut over kvaliteten og å gi likeverdige tenester i heile kommunen.

I budsjettframlegget for helse- og sosialsektoren ligg det to innsparingskrav. Det er lagt inn innsparing på legetenesta på 500 000 kr. I tillegg har ikkje sektoren teke høgde for reduksjon i flyktningtilskotet, som gjer til at helse og sosialsektoren må sette i gang ei omstillingsprosess for å redusere budsjettet årleg med 4-5 mill. kr. Dette vil vere i samarbeid med skulesektoren for å oppnå totalt 11 mill. kr. Utfordringa her vil vere at det ikkje er att stillingar som jobbar direkte mot flyktning og integrering, og då må ein sjå på det totale tenestetilbodet i einingane.

Barnevernet har i budsjett 2022 auka ramma tilsvarende dei føringane som ligg i statsbudsjettet i samband med barnevernsreforma. Rammeauken dekkar tidlegare styrkingsmidlar på stillingar i frå statsforvaltaren og refusjonssummen som vi har fått i frå Barne-, ungdoms og familieetaten. I tillegg ligg det nokre midlar til å finansiere eventuelle kjøp av institusjonsplasser, som barnevernet etter reforma må dekke fullt ut. Her vil det og vere usikkert om det er tilstrekkeleg budsjett, det kjem an på kor mange plasseringar ein må kjøpe i 2022. Fagleg skal eininga vere godt førebudd, men ein kan ikkje utelukke at det kan kome uforusette problemstillingar i løpet av 2022 som gjeld barnevernsreforma.

Psykisk helse og rus har fått tilført kr 400 000 i ramma i samband med rusreforma. Utekontaktstillinga er finansiert med tilskotsmidlar, her er det usikkert kva beløp kommunen vil få for 2022. På investeringsbudsjettet ligg det inne 4 mill. til kjøp av bustader til vanskelegstilte.

Aktivitetseininga er tilført kr 580 000,- i budsjett 2022 for å dekke diverse utgifter som ikkje har vore budsjett, jamfør økonomiplanen.

Helsestasjonen har årleg fått tilskot til helsestasjonstenestene i frå Helsedirektoratet på ca. 3,6 mill. Direktoratet har meldt om reduksjon i tilskotet for 2022 som utgjer ca. 1,1 mill.. Stemmer dette vil det få store konsekvensar for skulehelsetenesta. I budsjettforslaget har vi ikkje teke høgde for reduksjonen i tilskotet sidan dette er mot alle føringar i forhold til satsing

på barn og unge. Vert tilskotet redusert må vi sette i gang ein prosess for å redusere tenestetilbodet innan skulehelsetenesta.


Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Fysio- ergoterapitenesta har ikkje fullfinansiert turnusfysioterapeut i budsjettet og må løyse oppgåvene på den nye rehabiliteringseininga på Skei med eksisterande ressursar.

Legetenesta har ikkje tilstrekkeleg ressursar til å både dekke rehabiliteringsoppgåvene på Skei og alle samfunnsmedisinske oppgåver som ligg til kommunen.

Dagtilbod for dei med demenssjukdom er lovpålagt. Vi har eit tilbod til denne gruppa i kommunen, men har ikkje tilstrekkeleg ressursar til å gi eit likeverdig tilbod i heile kommunen. Det vil i januar 2022 vere eit ferdig oppussa hus ved omsorgssenteret i Naustdal som er lagt til rette for denne tenesta, men **Aktivitetseininga** har ikkje ressursar til å starte opp tilbod her.

Omsorg



Omsorg

Ansvar	Omsorg	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
510	Førde omsorgssenter, korttid	15 745 571	15 077 995	15 425 593
511	Førde omsorgssenter, langtid	17 810 172	15 858 759	17 229 389
512	Førde omsorgssenter, skjerma	18 185 074	17 311 410	18 092 352
513	Sande omsorgssenter	19 811 044	22 157 885	22 694 499
514	Naustdal omsorgssenter	15 282 595	14 267 966	15 333 246
515	Skei omsorgssenter	22 749 178	19 560 150	20 957 194
530	Sande heimeteneste	10 364 950	13 411 166	14 048 461
531	Naustdal heimeteneste	20 148 524	19 667 757	20 265 732
532	Skei heimeteneste	19 776 597	17 475 420	18 155 044
533	Vassenden heimeteneste	15 549 553	16 255 031	19 048 702
534	Førde heimeteneste, eining 1	27 627 997	27 223 002	27 631 880
535	Førde heimeteneste, eining 2	35 240 888	34 372 225	40 211 796
550	Skei bu- og miljøteneste	13 108 893	12 821 730	9 941 418
551	Førde bu- og miljøteneste, eining 1	22 868 728	19 504 969	14 579 472
552	Førde bu- og miljøteneste, eining 2	16 502 738	16 548 612	15 208 168
553	Førde bu- og miljøteneste, eining 3	17 278 429	16 790 681	8 574 432
554	Sande bu- og miljøteneste	17 597 741	19 156 631	14 382 775
555	Naustdal bu- og miljøteneste	21 038 454	21 012 612	15 839 920
556	Bu- og avlastingstenesta	13 318 089	11 771 320	12 327 648
570	Butiltak psykisk helse	29 135 765	29 888 450	26 875 226
580	Tildelingseininga	5 895 182	6 861 087	7 194 525
590	Kjøkkentenensta	18 054 549	16 755 120	16 925 794
595	Bemanningsseininga	0	0	641 000
	Omsorg	413 090 711	403 749 978	391 584 266

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Det er i omsorg vi finn turnuseiningane. 20 av 22 einingar har 24-timars døgndrift. Omfang av tenestene er avhengig av brukarane sine behov. Brukaren sitt tenestebehov vert kartlagt og tenester vert tildelt gjennom enkeltvedtak. Kommunen har lovfesta plikt til å yte nødvendige helsetenester, jf. Helse- og omsorgstenestelova.

Jamt over melder einingane om auke i tenestebehov og dermed auke i ressursar for å dekke tenestebehovet. Den demografiske utviklinga tilseier at det vert fleire eldre i kommunen i åra som kjem. Fleire eldre fører til auke i tenester. Den store auken vil komme i 2024/25, men vi kan allereie no merke endringar i tenestebehovet. Det kjem til nye brukarar og det er auke i omfang av tenester til enkeltbrukarar. Denne auken er ikkje mogleg å klare innan tildelte rammer med dagens organisering og drift.

I 2021 viser prognosen for 2. tertial at sektoren har eit meirforbruk på om lag 22 mill. kroner. Forklaringa er auka tenestebehov og fleire brukarar. Sjukefråværet i sektoren er høgt, som igjen fører til auka vikarbehov. Kompetansebehovet vert dekkja ved bruk av ekstravakter, overtid og til dels vikarbyrå. Det er vanskeleg å få rask gevinst av innsparingstiltaka.

Einingane sine rammer er justerte i tråd med vedtekne innsparingstiltak og tiltak i økonomiplanen. Budsjettframlegga frå einingane er samla 22 mill. kroner over tildelt ramme.

Einingane melder behov for 21 nye årsverk for å løyse dagens tenestebehov. Vi jobbar for å finne kostnadsreduserande tiltak tilsvarande 15 mill. kroner. Skal vi lukkast med det, må vi sette i gong utviklings- og omstillingsprosessar innan dei ulike fagområda. Vi må kartlegge korleis vi jobbar i dag, analysere funna og finne nye måtar å jobbe på. Sjølv om behovet for tenester aukar, kan det bli nødvendig å redusere tenestetilbodet. Det vil føre til ventelister.

Rekruttering av fagutdanna personale er ei utfordring. Størst utfordring er det å rekruttere sjukepleiarar til omsorgssentera, men og til fagstillingar i bu- og miljøtenestene. Vi vonar at dette vil betre seg etter dei lokale lønsforhandlingane i 2021, som prioriterte lønstiltak til høgskuleutdanna og rekrutterings- og stabiliseringstiltak til sjukepleiarar ved omsorgssentera.

Velferdsteknologi er eit satsingsområde som skal gje gevinst i form av m.a. frigjorte ressursar. Dermed kan vi yte tenester til fleire utan å auke ressursane. Det er utfordrande å hente ut denne gevinsten. Det må vere eit visst volum på bruk av sensorteknologi i kvar eining for å hente ut ein målbar gevinst. Ein annan viktig gevinst med bruk av velferdsteknologi, er auka sjølvstende og meistring hos brukarane. Hausten 2021 implementerer Sunnfjord kommune den digitale responscenterløyisinga ved Alarmsentralen.

Bemanningssenteret vert etablert frå januar 2022, og er eit tiltak som vil avlaste dagleg drift i einingane og på sikt gje økonomisk effekt. Her samlar vi fleksistillingar og overtallige fagpersonar med stillingsstorleik over 50%. Einingane tingar vikar frå bemanningssenteret. Det vert og tilsett turnuskonsulent som skal hjelpe einingane med å utarbeide dei gode og helsefremjande turnusordningane, samt vurdere alternative arbeidstidsordningar.

Omsorgssenter

Eit mål er at pleiefaktor i institusjonane skal vere minimum 0,8. Pleiefaktor = tal årsverk i pleie pr. institusjonsplass. Meir spesialiserte einingar vil ha behov for ein høgare pleiefaktor. I 2021 er pleiefaktor ved omsorgssentra 0,74 - 1,01.

Rehabiliteringsavdelinga ved Skei omsorgssenter (7 plassar) og korttidseininga ved Førde omsorgssenter (15 plassar) har vore i drift sidan februar 2021. Omlegginga medfører at langtids plassar vert nytta til avlastingsopphald. Einingane rapporterer månadleg beleggprosent. Denne syner at det er god utnytting av institusjonsplassane. I nokre langtids einingar er det i periodar over 100% belegg. I tillegg registrerer tenestene at pleietyngda aukar.

Heimetenester

Einingane melder om sterk auke i tal brukarar, eit meir komplekst sjukdomsbilete og behov for auke i tal årsverk for å dekke behov for tenester. Siste åra har det skjedd ei dreining i teneste- og kompetansebehov i heimetenestene. Pasientar vert utskrivne raskare frå sjukehus og sjukdomstilstandar som tidlegare vart behandla i spesialisthelsetenesta, vert no behandla i kommunen. Det er krav til god breiddekompetanse i personalgruppa.

Personar med demens vil auke i åra som kjem. Det vert fleire eldre, vi lever lenger og fleire vil få ein demenssjukdom. I heimetenestene er det etablert demensteam, men det er behov for ein demenskoordinator til å koordinere samansette utfordringar og tenestebehov innan dette fagfeltet.

Bu- og miljøtenester

Det er i desse einingane vi finn dei fleste ressurskrevjande tenestene som kommunen får toppfinansieringstilskot for. Einingane opplever ein auke i tenestebehovet, og i tal brukarar. I fleire einingar er det vedtak om bruk av tvang og makt etter kap. 9 i lov om kommunale helse- og omsorgstenester. Statsforvaltaren har tilsyn med desse vedtaka, og det er krav om høgskuleutdanna personale ved utøving av tvang og makt.

Butiltak psykisk helse

Eininga drifrar butiltak i Førde og på Vassenden. Eininga har fleire ressurskrevjande tiltak, også innan sikkerheitspsykiatri. Tiltak innan sikkerheitspsykiatri klarar vi ikkje å løyse sjølv, og vert løyst ved private kjøp.

Tildelingseininga

Eininga vidarefører drifta som i 2021, men melder om auke i tal søknadar og knappe rammer. Tildelingseininga har dagarbeidstid og tek m.a. i mot e-meldingar frå spesialisthelsetenesta. Desse skal handsamast raskt for å ta i mot utskrivingsklare pasientar. E-meldingane kjem og på kveld og helg. Vi har ikkje funne ei fullgod løysing på korleis vi handsamar desse meldingane utanom tildelingseininga si arbeidstid.

Kjøkkentenesta

Vidarefører drift 2021. Fleire heimebuande får matlevering som gir auka inntekter. Kjøkkentenesta har fått prosjektmidlar til tiltak innan «Leve heile livet», måltidsglede for eldre og jamnare måltidsrytme på omsorgssentera.

Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Stillingar

Samla melder einingane om behov for 21 nye årsverk for å løyse dagens tenestebehov

Målet om pleiefaktor 0,8 er ikkje nådd. Manglar om lag 3,5 årsverk.

Demenskoordinator.

Vaktordning for å handsame e-meldingar frå spesialisthelsetenesta.

Utstyr

Det er avsett lite midlar til inventar og utstyr, også innan velferdsteknologi.


Ressurskrevjande tenester

Det er 38 ressurskrevjande tenester i 2021. 6 nye ressurskrevjande tenester er kome til i 2021, eller er kjent vil komme i 2022. Kommunen er pliktig å yte nødvendige tenester sjølv om finansieringa ikkje er på plass. Kommunen sin eigendel vil truleg auke med om lag kr 50.000 ut over løns- og prisvekst for kvart tiltak.

Tapte inntekter

Avlastingsopphald er gratis. Langtidsplassar som vert nytta til avlastingsopphald gir ikkje inntekter.

Kultur og idrett



Kultur og idrett

Ansvar	Kultur og idrett	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
610	Kultur og ungdom	12 802 847	11 534 287	11 770 208
620	Idrett og friluftsliv	3 012 464	3 916 043	3 828 573
630	Kulturskule	8 931 865	8 268 145	8 235 512
640	Bibliotek	6 492 791	6 681 955	6 869 474
	Kultur og idrett	31 239 967	30 400 430	30 703 767

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Alle einingane innan kultur- og idrettssektoren har stramme budsjetttrammer. Omsetnaden i einingane er vesentleg større enn nettobudsjetta viser. Dei budsjetterte inntektene (hallutleige, kulturskuleavgift, billettinntekter m.m.) er på totalt 12,3 mill. kroner. Det er gjennomgåande god kontroll på utgiftssida, men alle einingane unnateke bibliotek har usikkerheit knytt til budsjetterte inntekter.

Kultur og ungdom

Eininga legg fram budsjett innanfor budsjetttramma. Budsjettet er svært stramt, særleg i høve å drifte Førdehuset, som er ope 360 dagar i året. Av 17 tilsette går 14 i turnusstillingar. Mykje av aktivitetane er knytte til kveld og helg.

Inntektene i eininga kjem frå tenesteproduksjon. Slutten ein å produsere vil det redusere inntektene. Forventninga i gitt budsjetttramme er at inntektene skal auke 2,6 %, ein høgare %-sats enn forventa auke på utgiftssida. Utgifter til management, kinodistribusjonsselskap o.a. vert normalt i kulturbransjen utrekna som ein %-del av inntektene gjennom standard-avtalar. For både kino og kulturhus går ca 75 % av billettinntektene direkte til auka utgifter etter avtalar som nemnt over. Derfor vil ein stor del av utgiftene følgje inntektsauken på 2,6%. Dette er utfordrande budsjettmessig. Nettobudsjett for eininga er på 11,7 mill. kroner, medan total msetnad er på 23,7 mill. kroner. Over 50% av omsetnaden er altså forventa dekkja inn gjennom inntekter frå billettsal og lokalutleige. Området er delvis prissensitivt, noko som skaper usikkerheit for inntektssida.

Eininga drifter ungdomsklubben Skrivarløa, og det er starta ungdomsklubb i Naustdal. Røynslene viser at det er svært viktig for kvar einskild ungdom å ha faste vaksenkontaktar knytta til ungdomsklubbane. Ungdomsklubben i Naustdal er per i dag drifta med midlar frå vakante stillingar og prosjektmidlar.

Idrett og friluftsliv

Budsjettet for eininga bygger på rekneskapen frå 2021 og er levert i balanse trass i at utleige av idrettshallane i 2021 er under budsjett. Spesielt for fast trening har det vore ynskje om langt kortare sesongar enn budsjettet i 2021. Drifta og inntekter knytt til idrettshallane gjer budsjettet usikkert, men ein vonar at eit år med normal drift vil gje eit betra resultat i 2022.

Det er stramma inn på utgiftene for å kunne redusere noko på krav til inntekter frå idretts-hallane og symjehallen. Det er behov for å bygge opp att drifta etter covid 19 og stabilisere og auke utleige i dei nye idrettshallane.

Nettobudsjettet for eininga er på 3,8 mill. kroner, medan total omsetnad er budsjettert med 8,3 mill. kroner, det vil seie at over 50% av drifta skal dekkast av utleige- og billettinntekter.

I 2021 er det er arbeidd mykje med nye leige- og driftsavtaler for idrettshallane. Fokuset framover vert å jobbe med eit større potensiale for utleige. Budsjettet er ikkje justert for Bygstad idrett- og fritidspark. Dersom denne vert klar for utleige i løpet av 2022 vil det påverke både inntekts- og kostnadssida.

Kulturskulen

Eininga legg fram eit budsjett innanfor ramma. Nettobudsjett er på 8,2 mill. kroner, inntekter er budsjettert med 6,4 mill. kroner. Dette gir ein usikker prognose, då sal av musikartenester og sal av dirigentressurs er avhengig av interesse og behov frå frivillig og profesjonelt kulturliv. Det er lagt inn auke i sal av tenester både på muskarstillingane og på sal av undervisningsressurs til kommunar. Det er ikkje lagt til 1,8% i prisauke i elevavgifta, då Sunnfjord allereie ligg høgt i høve landssnittet, området er prissensitivt. Med for høg prising, står ein i fare for å miste kundar, elevar og arrangørar.

Det er lagt inn oppstart av teatertilbod frå haust 2022 i 13% stilling, i samsvar med prioritering i økonomiplanen. Slik kan Kulturskulen gje tilbod til om lag 24 elevar på dette området. Det er 70 born og unge som søker til dette tilbodet per i dag (Kjelde: Vestlandske teatersenter). Med opptrapping av midlane på dette området slik det er vedtatt økonomiplanen, vil ein kunne gje dette populære tilbodet til fleire.

Kulturskulen har sagt opp avtalar om kjøp av lærartenester med 17% for å drive i balanse frå hausten 2021. Det er lagt inn kr 200 000 i inntening til turné i regi av den Kulturelle skulesekken, kjøpt frå fylkeskommunen. Dette er det knytt usikkerheit til, då Vestland fylkeskommune ikkje lenger vil binde seg til årleg kjøp av distriktsmusikartenester til DKS-produksjonar slik tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune gjorde.

Bibliotek

Budsjettframlegget for eininga ligg kr 140 000 over ramma for bibliotek. Dette grunna at ein permisjon i 0,20 årsverk vart utegløymt i stillingsheimlane for bibliotek i 2021, knytt til drifta av Førde bibliotek. Permisjonen vart avslutta mars 2021 og er lagt inn i driftsbudsjettet for 2022. I samsvar med vedtak knytt til det nye kombinasjonsbiblioteket på Sande skal bibliotek utføre tenester for Service-eininga tilsvarende 0,10 årsverk. Dette utgjør kr 70 000 som ikkje ligg inne i budsjettet.

Biblioteka i Sunnfjord arbeider prosjektbasert, og hentar inn eksterne prosjektmidlar for skape ei positiv utvikling av bibliotektenesta innanfor eksisterande budsjetttramme. Det er krevjande å drifte prosjekt samstundes med dagleg drift av 6 avdelingar med små ressursar.


Det er lagt inn driftsstøtte frå skule til oppfølging av skulebibliotek som har digitalt biblioteksystem. Det er ikkje lagt inn tenester for Bygstad skule, Holsen skule og Viksdalen skule som står utan digitalt skulebibliotek.

Det er stor usikkerheit knytt til utlån av e-bøker for folkebiblioteka i 2022 då det vert innført ein ny «klikkmodell» for utlån. Utlånet av digitale bøker aukar, og det same gjer kostnadane. Kor stor kostnaden for den enkelte kommune vil bli er usikker. Auka kostnader til ebøker kan resultere i mindre ressursar til å kjøpe fysiske medium.

Ikkje løyste utfordringar i sektoren

- Drift av Naustdal ungdomsklubb er ikkje dekkja inn i ramma. Det er eit mål å etablere ungdomsklubbar på stadane der det er ungdomsskular i Sunnfjord kommune. Tiltaka er spelt inn i økonomiplanen, men har enno ikkje fått prioritet.
- Drift av idrettsanlegg ute er ikkje harmonisert på grunn av manglande budsjettramme.
- Harmonisering av utleigeprisar til barn er ikkje utført på grunn av manglande utviding av budsjettramme. Dette har skapt utfordringar knytt til utleige av idrettshallane. Det er grunn til å tru at fleire kunne ynskje å leige lenger sesong dersom prisane for barn og unge var redusert slik som dei i dag er for denne aldersgruppa i Førdehuset.
- Friluftsråd er ikkje etablert grunna manglande økonomi.
- Kommunen har behov for større stilling innan musikkterapi grunna auke i etterspørsel både frå skular, omsorgssektoren og frå einskilde barn og vaksne.
- Korpsa har store krav til eigenbetaling av dirigentar med 90-100% av lønnskostnader. Mange kommunar tar 50% betalt for dirigenttenester for å stimulere frivillig sektor.
- Innsparingsvedtaket for bibliotek, med investeringar i kombinasjonsbibliotek og meirope-løysingar er krevjande og vil ikkje gje gevinst før tekniske løysingar ved dei aktuelle avdelingane er på plass. Innsparingstiltaka krev òg endringar i arbeidsforhold og drift av bibliotekenesta i kommunen, som tek tid å gjennomføre.
- Inventar og utstyr ved hovudbiblioteket i Førde, Vassenden og Viksdalen er nedslite, og ein manglar viktig teknisk utstyr ved fleire av avdelingane.
- I Sunnfjord kommune er det fleire viktige kulturminne, både i kommunal og privat eige. Det er trong for å setje av øyremerka midlar for å sikre tilfredsstillande skjøtsel og vedlikehald av desse.
- Det bør setjast i gang eit prosjekt for å registrere alle kunstverk i kommunal eige, og utvikle vedlikehaldsplan for desse, med tilhøyrande økonomisk ressurs.

Teknisk og miljø



Teknisk og miljø

Ansvar	Teknisk og miljø	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
710	Bygg- og eigedomsforvaltning	15 470 090	30 856 053	33 560 303
720	Reinhald vaskeri	42 082 894	43 963 142	44 913 000
730	Teknisk drift	27 487 507	30 321 269	31 768 000
740	Brann og redning	19 219 162	17 848 772	21 016 466
750	Areal og byggesak	7 137 169	10 170 652	11 329 510
760	Landbruk og miljø	6 894 843	7 686 077	7 613 476
770	VAR	-29 105 321	-24 614 507	-26 115 749
	Teknisk og miljø	89 186 344	116 231 458	124 085 006

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Bygg- og eigedomsforvaltning (BEF)

Bygg og eigedomsforvaltning sine ansvar femnar om planlegging, vedlikehald og drift av kommunen sin bygg, bustader- og uteområde. Eininga har budsjettert med 31,20 årsverk. Frå og med 2022 vil eininga vere auka opp med 2 nye årsverk. Astrup tunet (vaktmeister) og administrasjon BEF (konsulent).

Personalmessig er eininga no godt rusta til administrativt arbeid. Ved ein nytilsett i administrasjonen ser vi no muligheter for sal av eigedom og betre gjennomføringsgrad på mindre investerings- og ENØK-prosjekt.

I økonomiplanen er ramma for investering (Enøk/rehabilitering bygg) på eit akseptabelt nivå.

Dei største utfordringane i driftsbudsjettet er følgjande:

Manglande inntekter

- Prestebøen 8 (årleg tap kr 2 millionar kr, er budsjettert over tildelt ramme.)
- 10 – 13 % av bustadane står stort sett tomme (Årleg tap om lag 3,8 millionar kroner.)

Energi:

- Det er knytt stor usikkerheit til strømpris. Det er venta ein særskilt høg straumpris vinteren 2021/2022. I lag med alle einingane bør vi ha ekstra høgt fokus på energibruk kommande vinter.

Vedlikehald:

- Lågt budsjettert, målt opp i mot behovet. Kan generere verdireduksjon på bygga, som genererer større investeringsbehov.

Nye hallar, kombinert med at vi framleis har mange tomme bygg:

- Utgiftene aukast utan at naudsynte utgiftskutt vert gjennomført.

Reinhald og Vaskeri

Eininga har 73,38 årsverk, derav 2 assisterande einingsleiarar.

Budsjettet er framlagt i samsvar med tildelt ramme og årsverk, som er gjeve for eininga Reinhald og vaskeri. Driftskostander er justert med prisvekst og fordelt etter forventta forbruk basert på forbruk hittil i 2021.

For å kunne holde tildelt ramme/budsjett er det nødvendig å gjere innkjøp av nytt ressursstyringssystem. Bruk av eit slikt system vil ein kunne hente ut effekten av samanslåinga og rett ressursfordeling. Per i dag har ikkje eininga eit slikt styringsverktøy.

Innkjøp og bruk av vikarar er noko av det eininga kjem til å fokusere mest på i 2022, og då ved hjelp av dataprogram/styringsverktøy. Fokuset vil vere på innkjøp, sjukefråvær og rett bemanning. Styringssystemet vert finansiert av redusert vikarbruk innanfor tildelt ramme.

Teknisk drift

Eininga har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vegar, veglys og parkanlegga i kommunen. Utarbeiding av temaplan for trafikktryggleik, og normer, til kommuneplanen, forvaltning og sakshandsaming etter veglova, og planlegging prosjektering, gjennomføring av prosjekt.

Eininga har budsjettert med 10,8 årsverk.

Eininga vil få auka faste kostnader til brøyting, og brøytebudsjettet er justert opp frå 15,2 mill. til 17,25 mill. I det ligg det ein indeksregulering av eksisterande brøytekontraktar, forventa prisauke i samband med inngåing av nye brøytekontraktar, og justering for avtaler som teknisk drift først vart gjort merksam på i ettertid.

For å finansiere auka kostnad med brøyting har eininga i budsjett for 2022, tatt ned all overtid, løn til vikarar sommarstid, og redusert budsjettet til vegvedlikehald/drift med kr. 1.318.220,- og midlar til drift/park med 815.000,- kroner. I tala for vegvedlikehald er og kr. 300 000 kroner, som er sett av i budsjett til opprusting av tømmervegar, teke vekk (prioriterte driftsmidlar). Samla utgjør dette ein reduksjon på kr. 2.133.627,- i høve eininga sitt forslag til eit forsvarleg budsjett. Eininga har også trekt ut kr. 50.000,- for å dekke ekstra pålegg om innsparing.

Brann og redning

Brann og redning består i Sunnfjord kommune av brannberedskap, brannførebygging og feiing, og har samla sett budsjettert med 14.92 stillingar.

Driftsbudsjettet til eininga er etter sak/løyving i kommunestyret om revidert brannordning, auka med kr 3,5 mill. kr i høve til driftsnivået for 2021. Aukea omfattar 2 heile faste stillingar, midlar til forskriftsmessig opplæring av brannkonstablar, husleige til nye Vassenden brannstasjon, samt auka tal brannkonstablar rundt om på brannstasjonane. Eininga består av 6 lokasjonar; Førde, Naustdal, Sande, Vassenden, Skei, og Viksdalen. Eininga har i dag 12 heiltidstilsette, derav 5 feiarar, og til saman 68 brannkonstablar i deltid, og som grunna avgang og revidert brannordning skal aukast til 84 brannkonstablar. Lærling i feiarfaget starta hausten 2021, elles same driftsnivå i feiarvesenet som i 2021.

Areal og Byggesak

Areal og byggesak sine ansvarsområde består av byggesak, utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar og regulering. Eininga har også ansvar for kommunen sine GIS-system og oppmåling. Eininga har budsjettert med til saman 19.17 årsverk.

Ei stilling vert saldert frå april 2022, då ein person går av med pensjon utan å bli erstatta. Eininga har vakant ei stilling innan oppmåling, og i forsøk på å fylla denne stillinga med autorisert personell siste året, har mange oppgåver blitt skyvd framover i tid. Så lenge stillinga er vakant, vil oppgåvene som vi skuvar fram føre oss skape vanskar med å halde

oss til fristar i lovverket. Det må snarast gjerast eit val om vi må tilsette ein person som ikkje vil stette autorisasjonskrava som slår inn 1.1.2023, eller kjøpe tenester.

Landbruk og Miljø

Landbruk og miljø består av fagområde knytt til skog, landbruk, utmark. Eininga har også ansvar for miljø, forureining, klima og vassforvaltning. Miljø og ureining er eit sjølvkostområdet som eininga forvaltar. Eininga har 9,7 årsverk. Budsjettet vidarefører tenestene under landbruk og miljø hovudsakleg på same nivå som 2021. Eininga tek no over ansvaret for sykkelby-satsinga (tidlegare låg den under eininga for fagutvikling). Det er ikkje satt av budsjettmidlar til sykkelbyen. Noko som mellom anna inneber at dagens ordning med utleige el-syklar ikkje kan vidareførast. Kostnadane ved å vidareføre utleigeordninga ville vore cirka 150.000 kr/år.

I samband med permisjon frå veterinærstilling i 2021 har det vist seg utfordrande å følgje opp kommunens ansvar etter dyrehelsepersonellova § 3a «Kommunene skal sørge for tilfredsstillende tilgang på tjenester fra dyrehelsepersonell». Eininga har ikkje greidd å løyse utfordringa innanfor budsjetterte rammer. Dvs. at veterinærtenesta er sårbar i høve sjukdom og permisjonar hjå veterinærane i kommunen.

VA (Vatn og avløp)

Eininga har til saman 32 tilsette, medrekna 2 vakante stillingar, fordelt på 19,6 årsverk. I tillegg skal 5 eksterne inngå i teknisk vakt. Desse 5 er tilsett i andre einingar i Sunnfjord kommune.

Budsjettet er basert på finansieringsstrategien som vart vedteken saman med Kommunalteknisk hovudplan – Vatn, avløp og vassmiljø, med overføring av vedlikehalds- og fornyingstiltak til ca 15 mill. kroner, frå investeringsbudsjettet til driftsbudsjettet, i løpet av 5 år. Strategien føreset også årleg indeksregulering av VA-gebyra, i tråd med forventa løns- og prisvekst. (KST-061/20)

Driftsbudsjettet er basert på ei fordeling av personell på Veg og park og VA, med bakgrunn i faktisk forventa ressursbruk knytt til handtering av overvatn, og behovet for samordna ressursar til operativ Teknisk vakt og brøyteberedskap, og omsynet til at nokre av våre tilsette også har deltidsstilling i Brann og redning.

Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Bygg- og eigedomsforvaltning (BEF)

For å oppretthalde formålsbyggsstandard, tilrår byggebransjen årlege vedlikehaldsutgifter på 200 kr per m². Bygg- og eigedomsforvaltning har hatt eit vedlikehaldsbudsjett på ca 50 kr/m² bygg i 2021. For å unngå verdiforringing av kommunens bygningsmasse er det nødvendig med auke i årleg vedlikehaldsbudsjett.

I tillegg til ei større budsjetttråme har eininga Bygg- og eigedom signalisert at Sunnfjord kommune har behov for ei gruppa med 4 fagarbeidarar, som skal ha fokus på utførelse av større vedlikehaldsoppgåver. Oppgåver som per i dag blir leigd inn til eller utsett på grunn av manglande ressursar.

Ikkje løyste utfordringar elles for BEF:

- Sommarskjøtsel av park og bygg. (Vil ikkje tilsette sommarvikarar totalt 14 stk)

- Aukande etterslep på bygningsvedlikehald. –
- Manglar ressurs til drift av kulturskulebygget
- Manglar ressurs til drift av nye hallar (Bygstad, Skei, Vassenden)
- Underdekning på straum og serviceavtalar (brann og eltilsyn, samt lukking av avvik)

Med tanke på at ein varsla energikrise vinteren 2021/2022, bør ein vurdere eit aktivt tverrsektorielt fokus på energileiing. Energileiinga bør involvere brukarar av kommunen sine bygg. BEF kan gjennomføre mange ENØK-tiltak (investering/ effektivisering /automatisering), men forbruket styrer ikkje BEF over.

Landbruk og Miljø

Budsjettansvaret for oppfølging av klimaomstillingsplanen, inkludert klimabudsjett, ligg til eininga Landbruk og miljø. Klimaomstilling er eit tverrsektorielt arbeid, men administrativt er det organisert under Landbruk og miljø. Budsjetttrammene som er sett av til oppfølging av klimaomstillingsplanen er ikkje tilstrekkeleg til å følgje opp framlegg til klimabudsjett.

Teknisk drift - Vedlikehald veg, framkomst og trafikktryggleik, parkanlegg m.m.

Generelt er budsjettet for lågt i høve til behov

Kommunale vegar og bruer:

Oftare og kraftigare uvær og ekstremvær medfører omfattande og aukande slitasje, utgraving og utvasking av vegfyllingar, grøfter og vegdekke.

Det er ikkje rom for kantklypping og skogrydding, asfatlapping eller anna vedlikehald av kommunale vegar i 2022. Auka slitasje, elde og manglande drift og vedlikehald av vegane vil føre til auka slitasje, elde, og redusert trafikktryggleik. Eit allereie eksisterande etterslep på kommunale vegar aukar for kvart år.

Sunnfjord kommune har 91 bruer. Det er ikkje rom for vedlikehald på bruene i inneverande år. Tek ein omsyn til erfaringstal og byggekostnadsindeks er etterslepet på vedlikehald 14.0 mill. kr.

Parkanlegg:

Budsjettet tek ikkje omsyn til eigen ressurs knytt til parkområdet. Sunnfjord kommune har så store uteareal at kommunen treng meir ressursar og fagkunnskap til park og uteområde. Eininga vert årleg tilført nye grøntareal som kommunen skal drifte og vedlikehalde, utan at det vert tilført ressursar til eininga. Eininga har i dag ingen kompetanse til å skjøtte grøntareal. Eininga har behov for gartnar med fagbrev tilsvarande eitt årsverk

Det er i tillegg for 2022, tatt ut av budsjett midlar til innleige av sommarhjelp til slåttearbeid og tømning av boss. Det vil ikkje vere rom for å oppretthalde same nivå, og å slå/vedlikehalde like mykje areal i 2022.

Vintervedlikehald:

Den største utfordringa for teknisk drift er likevel å få budsjettet i balanse med dei kontraktane som er inngått avtale på vedkommande vintervedlikehald, dette krev tilleggsløyvingar, slik eininga sine innspel til økonomiplanen førespegla (5,0mill) .

Administrasjon, forvaltning og sakshandsaming:

Det framleis store utfordringar å halde fristar i forhold til oppgåvene som teknisk drift skal handtere. Arbeidspresset er svært høgt, og det har vore utstrakt bruk av overtid. Eininga har eit stort behov for ei merkantil stilling ved avdelinga (både teknisk drift og VAR).

Fagsystem:

Eininga vurderer i desse dagar eit nytt fagsystem for meir effektiv sakshandsaming og kontroll. Dette vil mogeleg avhjelpe med ein meir effektiv saksgang/handtering innan tilsyn, koordinering, kommunikasjon med entreprenørar, leidningseigarar og publikum, om graveløyve, varsling, skilting, VA-søknader, og sanitærmeldingar. Finansiering av dette er pr. i dag ikkje teke omsyn til i budsjettet.

Styringsverktøy:

Teknisk drift slit med å få på plass styringsverktøy som t.d. Kommunedelplan veg, Kartlegging tilstand veg, bærelagsmåling, plan for veglys, nye skiltplanar for store delar av kommunen. Eininga manglar kapasitet/resursar for å få utført desse arbeida.

VA

Ved utgangen av 2021 vil VA ha ei samla portefølje av finansierte VA-tiltak, på ca 75 mill. kroner. Ein vesentleg del av dette er etterslep av finansierte tiltak frå dei tidlegare kommunane. Dette etterslepet må hentast inn, parallelt med gjennomføring av planlagde driftsfinansierte tiltak og nye investeringstiltak. I budsjettet for 2021 vart det difor lagt inn to fulle stillingar til prosjektleiing og dokumentasjon (GIS).

VA manglar framleis svært mykje teknisk og faktisk dokumentasjon av eksisterande VA-anlegg, men ein veit og at tilstanden er delvis svært dårleg. Det vil krevje både tid og ressursar å få oversikt over, dokumentere og prioritere nødvendige fornyingstiltak i tråd med strategien til kommunen.

VA-avdelinga har store utfordringar med å halde fastsette fristar for handsaming av søknader og klagar. Arbeidspresset er svært høgt, og ein har eit aukande behov for ei merkantil stilling ved avdelinga, i lag med teknisk drift.

Brann og redning

Etter ny sentral særavtale for brann- og redningstenesta skal deltidspersonell i beredskap utan vaktordning ha ei fast årleg godtgjersle. Regelen er ny, og på landbasis varierer denne godtgjersla frå kr 4.000 - 12.000 årleg, som for vår del samla vil bety rundt kr 300.000-950.000. Det er ikkje forhandla lokalt om dette, og såleis ikkje lagt inn i budsjettet.


Kapasiteten på brannsløkkjevatn på det kommunale vassverket i Naustdal, er dårleg – og kan berre levere rundt 5 l/s mot eit forskriftskrav på 20 l/s i bustadfelt. Det fører til at brannvesenet i Naustdal er avhengig av branntankbil for å sikre vasstilførselen ved sløkkjeinnsats. Ved ein ev. husbrann der mangel på sløkkjevatn har hatt innverknad på at huset brann ned, er det rettspraksis på at forsikringsselskapet søker regress frå vassverkeigar, her kommunen.

Eksisterande branntankbil, 1982-modell, plassert i Førde, er grunna elde i ferd med å ikkje lenger vere tenleg i drift, og eininga har motteke 4 avvik om stoda frå brannmannsskapa i seinare tid. I investeringsbudsjettet må brannvesenet difor sikrast ein tenleg branntankbil snarast.

Plan og byggesak

Det er lagt opp til satsing innan GIS, og det vert truleg naudsynt å kjøpe lisens på programvare som vil lette arbeidet internt, samt gjere data betre tilgjengeleg for brukarar.

Kommune- direktør



Kommunedirektør, stab og støtte

Ansvar	Stab og støtte	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
100	Kommunedirektør	159 583 568	197 548 597	147 278 510
110	Personal	15 089 403	15 201 409	15 040 723
115	Service	22 109 845	24 677 715	23 666 297
120	SYS IKT	-850 831	0	0
130	Rekneskap og lønn	13 517 724	11 766 212	11 775 000
140	Fagutvikling	26 718 531	24 245 515	20 246 968
150	Næring og samfunnsutvikling	7 434 180	7 873 286	7 476 302
160	Kommuneadvokaten	1 315 548	1 345 888	1 347 988
	Stab og støtte	244 917 968	282 658 622	226 831 788

Omtale sektoren sitt framlegg til budsjett for einingane

Følgjande innsparingstiltak er innarbeidd i framlegg til budsjett:

- Redusert bemanning administrasjon 2,1 mill. kroner fordelt på kommunedirektør, service, fagutvikling og næring og samfunnsutvikling
- Auka prosjektfinansiering av stillingar på 0,5 mill. kroner i eining for næring og samfunnsutvikling
- Innsparingstiltak på 1 mill. kroner innan skulestruktur og 2 mill. kroner innan barnehagestruktur er mellombels budsjettert på ansvar 100 i påvente av plandokument.
- 40 % vakant stilling er tenkt til å dekke innsparingstiltak til bibliotekkeininga ved samordning av ressursar i bibliotek og tenestetorg på Sande. Oppstart er sett til august 2022.
- Vakant fagstilling innan helse og omsorg på ansvar 140 Fagutvikling er overført til ny eining bemanningssenteret.

Følgjande salderingstiltak er innarbeidd i framlegg til budsjett:

- I tillegg til innsparingstiltak omtalt ovanfor er det lagt til grunn at stab og støtte skal spare 3 mill. kroner gjennom vakante stillingar/andre innsparingstiltak i 2022. Dette for å finansiere auka kostnad til digitalisering, lisensar M365, nye fagsystem og integrasjonar og deltaking i DigiVestland.
- Salderingstiltak som gjeld omstillingsprosess reduksjon i flyktningskott på 11 mill. kroner og tiltak innan omsorg på 15 mill. kroner er førebels budsjettert samla på ansvar 100 for deretter å bli fordelt ut på einingane når prosess er gjennomført og tiltak skal setjast i verk.

Følgjande prioriterte driftstiltak er innarbeidd i framlegg til budsjett:

- Tiltak 7 Auka tilskotsmidlar til frivilliglivet, kultur og idrett med 0,4 mill. kroner
- Tiltak 8 Tilskott til leige av Dragehallen (turn) med 0,5 mill. kroner
- Tiltak 13 Spes.ped. og styrking i barnehage med 1,5 mill.
- Tiltak 19 delfinansiering lærlingar med 0,5 mill. kroner er prioritert i økonomiplan, men er ikkje innarbeidd i årsbudsjett 2022 då vi er nær målsetjing om 2 lærlingar pr. 1000 innbyggjar utan at vi tilfører ytterlegare midlar til formålet.

Andre endringar:

- Ny stilling som barnekoordinator er lagt inn i budsjettet til ansvar 140 Fagutvikling.

- Midlar til kommunal vigsel på ansvar 115 Service er auka for å finansiere leige av nytt vigselssrom i Tinghuset og auka utgifter til overtid for laurdagsvigsler 5 laurdagar pr. år.
- Det er gjort endringar mellom ansvar 100 og 900 der fleire budsjettpostar er flytta frå ansvar 900 til ansvar 100 for å reindyrke ansvar 900 Finansielle føremål. Dette omfattar premieavvik, konsesjonsavgift, festeavgift,

Omtale av framlegg til budsjett:

1. Bemanninga vert opplevd som knapp. Derfor må ein vere realistisk for kva nye oppgåver og prosjekt ein kan starte opp.

Sentrale budsjettpostar:

2. Følgjande lønspott er budsjettert samla på ansvar 100 og vert fordelt ut på alle sektorar og einingar når oppgjer er avklart:

Avsetjing lønspott 2022						
	Lønsgrunnlag	Årslønsauke i %	Verknadstidspkt	Lønsauke i kr	Pensjon og AGA	SUM
Kap. 3 - oppgjer 2021	109 391 969	3,2 %	01.01.2022	3 500 543	1 048 763	4 549 306
Kap. 4 - lokale forh. 2021	771 332 367	1,0 %	01.01.2022	7 485 000	2 242 506	9 727 506
Kap. 4 UDF, NSF (mekling) 2021	341 000 000	2,2 %	01.01.2022	10 760 000	3 223 696	13 983 696
Kap. 5 - oppgjer 2021	46 328 000	3,3 %	01.01.2022	1 547 000	463 481	2 010 481
Kap. 3 - oppgjer 2022	112 892 512	3,1 %	01.01.2022	3 499 668	1 048 500	4 548 168
Kap. 4 - oppgjer 2022	812 485 000	1,9 %	01.05.2022	10 291 477	3 083 326	13 374 803
Kap. 5 - oppgjer 2022	47 875 000	2,6 %	01.05.2022	829 833	248 618	1 078 451
SUM	973 252 512			34 412 978	11 358 891	49 272 412

Ikkje løyste utfordringar i sektoren

Det er inngått avtale om digitalisering av byggesaksarkivet frå Førde og Gaular. Det er ikkje lagt inn midlar til å inngå tilsvarende avtale for Jølster og Naustdal.

Stabseininga næring- og samfunnsutvikling handlar mykje om deltaking i regionale prosjekt og søknader om eksterne tilskot. Dette set krav til eigendel. Det er ikkje teke omsyn til i budsjettet. Det er elles verd å nemne at overføring frå fylkeskommunen på 0,5 mill. kroner til drift av regionråd ikkje er avklart for 2022.

Stillinga som controller i fagutvikling er finansiert gjennom sal av tenester. Det er stor usikkerheit om vi klarer å hente inn desse inntektene.

Kommunestyret har i samband med årsbudsjett 2021 gitt i oppgåve til Kommunedirektøren å kome tilbake til kommunestyret innan mai 2021 med ei sak der ein analyserer administrasjonskostnadane i Sunnfjord kommune basert på samanlikning med andre kommunar. I saka skal kommunedirektøren vurdere ulike modellar for ei framtidsretta og effektiv organisering av sentraladministrasjonen. Saka har vore utsett i påvente av at Agenda Kaupang skulle gjennomføre ei analyse av administrasjonskostnader. Utkast til rapport er motteke. Rapporten har svakheiter, då fleire av samanlikningskommunane har eldre tal enn 2020. Det er derfor nødvendig å hente inn oppdatert informasjon frå samanlikningskommunar. Kommunedirektøren vil kome attende med ei eiga sak over nyttår.

Utbyggingsoppgåver som ikkje er løyst i budsjett 2022

I Sunnfjord kommune er det i dag stor aktivitet på utbyggingssida, og kommunen blir ofte involvert i desse i form av anleggsbidrag og utbygging av kommunal infrastruktur. Fleire av desse må handsamast i eigne saker dersom dei kjem til realisering i 2022.

Utbygginga av Sunnfjord Næringspark er i gang, og det første feltet er i ferd med å bli fylt opp. Arbeidet med å starte opp utviklinga av dei tre siste felta må derfor ta til i 2022. Føresetnaden er at sal av tomtar i feltet på sikt skal dekke kommunen sine kostnader med å tilrettelegge areala.

Kommunen arbeider også med utbyggingsavtaler for både Indre Øyrane og Ytre Øyrane. Også her er utgangspunktet at utbyggerane skal dekke storparten av kostnadane knytt til infrastrukturtiltak. I tillegg kan det komme kostnader til fornying av kommunale anlegg i samband med prosjekt som Førdepakken utfører.

Utbyggingsavtale for torg, gang- og sykkleveg og elveforbygging ved Elvekanten. Dette blir et samarbeid mellom utbygger av Elvekanten, Førdepakken (tiltak 8) og kommunen. Kommunen har tidlegare finansiert elveforbygging og gang- og sykkleveg. Det sannsynlegvis hebehov for ei større løyving som også innheld bidrag til nytt torg.



Del III - Investeringsbudsjett

Dette kapitlet omfatter informasjon om investeringar fordelt på ulike prosjekt.

Investeringsprosjekt

Tabellen nedanfor viser budsjettframlegg for investeringar i 2022. Det er ikkje tilrådd endringar frå vedteken økonomiplan 2022- 2025, utanom 2,8 mill. kroner i auka avdrag og tilsvarende reduksjon i overføring frå drift til investering.

Sektor	Tiltak - kva	ØP 2022	B 2022
Stab og støtte	Førdepakken - kommunal del	28 000	28 000
Stab og støtte	Førdepakken - anleggsbidrag utbyggingsavtale	- 2 500	- 2 500
Stab og støtte	Eigenkapitalinnskott - KLP	4 600	4 600
Stab og støtte	IKT-investeringar (møteromsutstyr, datasenter, felleskost.)	1 000	1 000
Stab og støtte	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (eiga oversikt)	4 302	4 302
Stab og støtte	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (omdisp. tidl. løyving)	- 156	- 156
Skule/BEF	Uteområde ved skular	3 500	3 500
Skule/BEF	Delfinansiering av uteområde ved spelemidlar	- 750	- 750
Skule	Fornyng av lærebokar i samband med LK20	500	500
Barnehage	IKT-utstyr tilsette	250	250
Barnehage	IKT-utstyr barn	100	100
Barnehage	Vedlikehald av barnehagane sine uteområde	100	100
Helse og sosial	Digitalisering, diverse utstyr	300	300
Helse og sosial	Utsifting PC park, auke invisteringsbudsjettet	200	200
BEF/Helse og sosial	Kjøp av 2 rusbustadar og tomt til minihus	4 000	4 000
Helse og sosial	Fornyng inventar inkl. Husstellfagskule	300	300
Omsorg	Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustader (sjølvfin.)	200	200
Omsorg	Datautstyr; oppgradering pc'ar og trådløst nettverk	100	100
Omsorg	Hjelpemiddel, sengar og nattbord	200	200
Omsorg	Inventar og utstyr	200	200
Omsorg/BEF	Påbygging/ombygging (omfattande liste)	10 000	10 000
Kultur og idrett	Folkemusikkinstrument - inntekter i drift på utleige	305	305
Kultur og idrett	Førde bibliotek - oppgradering, utvikling og meirope	1 730	1 730
Kultur og idrett	Førde bibliotek - oppgradering, utvikling og meirope - ekstern fin	- 830	- 830
Kultur og idrett	Utsifting av lys i idrettshall - Førdehuset	1 570	1 570
Kultur og idrett	Utskrifting av lys i idrettshall - spelemidlar	- 467	- 467
Kultur og idrett	Astruptunet - kommunal andel	2 200	2 200
Kultur og idrett	Garasjebygg og toalett Hafstadparken	3 125	3 125
Kultur og idrett	Mva-refusjon, spelemidlar, ekstern støtte	- 2 224	- 2 224
Teknisk og miljø	Miljø: Sikring mot naturfare	1 000	1 000
Teknisk og miljø	Miljø: Klimaomstillingsplan	300	300
Teknisk og miljø	Brann: stasjon/teknisk drift – Skei og forprosjekt Førde	9 700	9 700
Teknisk og miljø	Brann – utstyr, brannbil, kommandobil	1 500	1 500
Teknisk og miljø	Golvmaskin, moppevakser, anna reinhald	200	200
Teknisk og miljø	Rehabilitering bygg – (detalj i plan)	10 000	10 000
Teknisk og miljø	ENØK – kommunale bygg	6 000	6 000
Teknisk og miljø	Friskhus Naustdal	18 050	18 050
Teknisk og miljø	Uteareal/parkering friskhus Naustdal	12 600	12 600
Teknisk og miljø	Gamlebanken i Førde ref. BY 064/19	3 000	3 000
Teknisk og miljø	Kommunale vegar (detalj i plan)	8 580	8 580
Teknisk og miljø	Trafikktryggleiksplan (eigenandel)	3 750	3 750
Teknisk og miljø	Teknisk drift: maskiner og utstyr	1 250	1 250
Teknisk og miljø	Sunnfjord Næringspark	20 000	20 000
Teknisk og miljø	Sal av tomter Sunnfjord næringspark	- 20 000	- 20 000
VAR	Tiltaksplanar VAO	17 000	17 000
	Eigenandel til sykkelparkeringsprosjekt	125	125
SUM BRUTTO PRIORITERTE INVESTERINGSTILTAK (heile tusen)		152 910	152 910
MOMSKOMPENSASJON		-20 182	-20 182
AVDRAG		-94 016	-96 873
OVERFØRING FRÅ DRIFT		-38 748	-35 891
DIFFERANSE		0	0

Kommunestyrevedtak punkt 1 g Grimsetmarka – gangsti/lys er finansiert av unytta lånemidlar.

Bevilgningsoversikt – investering

Obligatorisk oversikt over bevilgning til investering viser samla investeringsutgifter på 179,7 mill. kroner. Utgiftene er finansiert med 20,8 mill. kroner kompensasjon for meirverdiavgift, 6 mill. kroner i tilskot, 20 mill. kroner i sal av tomtar og bustadar, 97 mill. kroner i låneopptak og 36 mill. kroner i overføring frå drift til investering.

Handlingsregel om å ikkje auke lånegjelda er fulgt opp.

Bevilgningsoversikt - invest. (budsjett)	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2021	Budsjett 2021	Regnskap 2020
1 Investeringer i varige driftsmidler	176 344 450	642 931 685	174 324 000	247 636 219
2 Tilskudd til andres investeringer	-	3 208 920	-	1 046 545
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	4 600 000	4 550 000	4 500 000	6 494 028
4 Utlån av egne midler	-	1 300 000	-	530 000
5 Avdrag på lån	-	-	-	1 696 172
6 Sum investeringsutgifter	180 944 450	651 990 605	178 824 000	257 402 964
7 Kompensasjon for merverdiavgift	21 023 450	85 954 791	23 494 000	36 398 638
8 Tilskudd fra andre	6 106 000	92 534 544	2 500 000	83 934 897
9 Salg av varige driftsmidler	20 000 000	82 364 118	33 000 000	22 095 438
10 Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	2 902 000
11 Utdeling fra selskaper	-	-	-	-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-	3 134 000
13 Bruk av lån	97 273 000	330 858 847	95 000 000	88 125 807
14 Sum investeringsinntekter	144 402 450	591 712 300	153 994 000	236 590 778
15 Videreutlån	60 000 000	80 000 000	60 000 000	59 343 933
16 Bruk av lån til videreutlån	60 000 000	80 000 000	60 000 000	59 836 672
17 Avdrag på lån til videreutlån	-	-	-	22 000 256
18 Mottatte avdrag på videreutlån	-	-	-	18 919 185
19 Netto utgifter videreutlån	-	-	-	2 588 332
20 Overføring fra drift	36 502 000	28 536 000	24 830 000	53 827 330
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne inve	-	21 990 985	-	- 15 585 446
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet inv	40 000	9 751 320	-	- 9 669 203
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	-	-	-	- 5 172 163
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	36 542 000	60 278 305	24 830 000	23 400 518
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket bel	-	-	-	-

Forskottering av spelemidler

Kommunestyret i Sunnfjord har i [april 2020 gjort vedtak](#) om å opprette eit ubunde investeringsfond på 5 mill. kroner for avsetting av midlar til «Forskottering av spelemidler til anlegg for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og kulturbygg». Fondet vert oppretta over ein periode på 4 år, med slik fordeling; 2 mill. kroner i 2020 og 1 mill. kroner dei påfølgjande 3 åra. Kommunedirektøren tilrår løyving av 1 mill. kroner i framlegg til årsbudsjett 2022.

Prosjekt		Budsjett 2022	Revidert budsjett 2021	Budsjett 2021
110001	IKT investering (overordna)	1 000 000	1 891 044	0
110002	Eigenkapitalinnskot KLP	4 600 000	4 500 000	4 500 000
110003	Førdepakken	28 000 000	55 945 000	28 000 000
110006	Utbedring Hestad kapell (G 3139)	0	2 721 244	0
110013	Riving av hus - Angedalsvegen 6	0	360 660	0
110019	Førdepakken - kommunalt bidrag (F 1545)	0	13 532 000	0
110020	Førdepakken kommunalt fiber (F 1637)	0	2 000 000	0
110021	Kyrkjelege investeringar (N 1052)	0	145 129	0
110026	Sunnfjord kyrkjelege fellesråd (overordna prosjekt)	4 145 700	1 590 000	3 309 000
110033	Kjøp av aksjar Nordfjordbrua	0	50 000	0
110034	Kjøp utleigeleiligheter Lindhagen	0	7 378 999	0
110035	Utlån Ankerløkken eide AS vedtak 076/21	0	1 300 000	0
120001	IKT investering skule	0	6 840 113	0
120003	Nytt fagsystem skule og barnehage (F 1549)	0	1 394 262	0
120004	Digitale lærebøker/materiell (F 1590)	0	1 000 000	0
120009	Uteområde ved skular	3 500 000	0	0
120010	Fornyng av lærebøker i samband med LK20	500 000	0	0
130001	IKT investering barnehage	350 000	1 415 043	450 000
130003	Vedlikehald av barnehagane sine uteområde	100 000	0	0
140002	Nytt legesenter (F 1379)	0	477 736	0
140003	Telemedisin (G 2019)	0	140 396	0
140005	Uskifting PC park	200 000	200 000	200 000
140006	Digitalisering, diverse utstyr Helse og sosial	300 000	0	0
140007	Kjøp av 2 rusbustadar og tomt til minihus	4 000 000	0	0
140008	Fornyng inventar inkl. Husstellfagskule	300 000	0	0
150002	Velferdsteknologi Helsetunet	0	834 042	0
150003	Velferdsteknologi (J 2439)	0	130 001	0
150004	Pasientvarslingssystem/låsesystem - oppgradering	0	2 500 000	2 500 000
150005	Datautstyr, oppgradering pcar og trådløst nett	100 000	300 000	300 000
150006	Hjelpemiddel, sengar og nattbord	200 000	100 000	100 000
150007	Inventar og utstyr	200 000	100 000	100 000
160011	Lysanlegg Instedalen skianlegg (N 1552)	0	57 371	0
160013	Førde stadion - nytt stadionanlegg og kunstgras (F 1551)	0	5 000 000	0
160014	Fond forskotering av spelemidlar (felles budsjetteringsprosjekt)	0	2 000 000	0
160015	Turveg Slåtten - Kvammen	0	622 530	0
160018	Skifte utstyr, kino Førde	0	2 760 000	2 760 000
160019	Mulighetsstudie av Førdehuset, 3-D-modell	0	500 000	500 000
160020	Folkemusikkinstrument - inntekter i drift på utleige	305 000	300 000	300 000
160021	Førde bibliotek - oppgradering, utvikling og meirope	1 730 000	0	0
160022	Utskifting av lys i idrettshall - Førdehuset	1 570 000	0	0
160029	Garasjebygg og toalett Hafstadparken	3 125 000	0	0

Prosjekt	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2021	Budsjett 2021
170001	Rehabilitering svømmehall Førdehuset	0	2 126 431
170002	BEF, Idrettshall Halbrend (FO 1499)	0	16 339 325
170003	BEF, Bygstad idretts - og fritidspark (GA 3133)	0	43 325 245
170004	BEF, Ombygging /tilpassing Helsetunet	0	1 059 165
170005	BEF, Planlegging av omsorgsbustadar	0	1 000 000
170006	BEF, 14 stk omsorgsbustadar Apotekargarden	0	13 936 140
170007	BEF, Aggregat Gaular sjukeheim (G 2018)	0	6 573 607
170008	BEF, Enøk tiltak	0	6 548 036
170009	BEF, Kommunale bygg	0	1 296 570
170010	BEF, Universell tilrettelegging kommunale bygg	0	1 345 054
170011	Eigenandel sykkelparkeringsprosjekt	125 000	250 000
170012	Eigenandel trafikktryggleikstiltak	3 750 000	8 562 500
170013	Oppgradering veinett	0	175 329
170014	GS Helgåsvegen	0	1 775 000
170015	Oppsetting av gatelys	0	1 079 337
170016	Rassikring Skagekleiva	0	2 966 829
170017	Maskiner og utstyr teknisk drift	1 250 000	1 334 819
170018	Sunnfjord Næringspark	20 000 000	38 850 049
170019	Smiehogen opparbeiding av tomter	0	18 324 955
170022	Vatn overordna prosjekt	8 500 000	20 166 159
170023	Avløp overordna prosjekt	8 500 000	13 681 655
170025	BEF, rehabilitering Sande skule	0	20 128 376
170027	BEF, Friskhus	18 050 000	1 225 440
170029	Planleggingsmidlar til Førde barneskule	0	646 571
170031	Fysio/psyk - omlokalisering (N 2018)	0	376 645
170034	Fotballhall Skei (J 2431)	0	15 026 080
170041	Viksdalen skule, brannvarsling mm (G 3142)	0	54 805
170042	Bygstad skule strakstiltak, brannvarsling mm (G 3143)	0	328 592
170043	Tiltak Naustdal sjukeheim (uteområde) (N 2016)	0	5 366 970
170044	Dagtilbud for demente (N 2019)	0	3 858 071
170045	Rehabilitering av hus og hage i Astruptunet	2 200 000	27 028 193
170046	Avlastingsbustad sentrum, Prestebøen 19 (F1338)	0	20 170 435
170049	Bygstad vassverk, inntak Selselva (G 3110)	0	150 000
170050	Kartarbeid VA (G 3131)	0	128 841
170054	Reguleringsplan Kjosnes	0	2 209 137
170065	Skilt-adressering FGJN (prosjekt 1049N)	0	929 583
170083	Farsund - Kusslia, vassledning (F 1056)	0	609 386
170085	Avløpsledning Kusslia - Moskog til felt K1 (F 1372)	0	3 024 731
170086	Vassledning Kusslia - Moskog til felt K1 (F 1373)	0	2 381 816
170089	Elvesti langs Jølstra, Storehagen vest (F 1412)	0	5 525 000
170090	Vikalivegen	0	4 712 500
170092	Astruptunet - forprosjekt visningscenter (J 2465)	0	2 403 217
170103	Vieåsen avkjøring Løland vassl.del 1 (F 1070)	0	1 172 815
170104	Vieåsen avkjøring Løland avløpsledning del 1 (F 1072)	0	2 601 968
170105	Vieåsen avkjøring - Løland avløpsledning-del 2 (F 1074)	0	2 879 794
170106	Vieåsen avkjøring-Løland vassledning - del 2 (F 1115)	0	2 713 781
170107	Kusslia Kloakkpumpestasjon, KP 260 (F 1237)	0	1 364 906
170108	Movika kloakkpumpestasjon. KP261 (F 1267)	0	1 400 000
170111	Bekkeinntak - utbeting (F 1309)	0	450 000
170112	Freds. og grunnlovsmonument (F 1342)	0	635 692
170113	Kloakkpumpestasjon KP 262 Mo (F 1374)	0	1 401 101
170114	Kloakkpumpestasjon KP 263 Moskog (F 1375)	0	950 000
170115	Enøktiltak - kyrkjene (F 1394)	0	557 635
170116	Sykkelparkeringsprosjekt (F 1396)	0	350 000
170117	Førde helsetun - nytt kjøle og fryseanlegg (F 1398)	0	2 500 000
170118	Førdehuset - tekking av tak (F 1399)	0	3 793 037
170119	Transportabel vassstank (F 1404)	0	900 000

Prosjekt	Budsjett 2022	Revidert budsjett 2021	Budsjett 2021
170120	Lastebil, transport av kloakkslam (F 1406)	0	2 450 000
170121	Utsillingsplassen-flytting av kloakkpumpesatsjon KP 204 (F 1415)	0	1 753 878
170122	Hafstad-omlegging av Ø 400 hovudbasseng (F 1416)	0	1 151 217
170125	Ny feiarbil (F 1491)	0	187 278
170128	Bustadfelt på Reset, avløpsledning (F 1536)	0	4 580 833
170129	Førde kyrkjegard - opprustning (F 1548)	0	300 000
170131	Utskifting bilpark - feiing (F 1557)	0	500 000
170132	Mo - Moskog, avløpsledning (F 1558)	0	1 000 000
170133	Sunnfjord Næringspark, vatn - framskunding av tiltak i øk.plan (F 1559)	0	5 750 000
170134	Sunnfjord Næringspark, avløp - framskunding av tiltak i øk.plan (F 1560)	0	5 750 000
170135	Sunnfjord Næringspark hovudanlegg vatn - Jølster kommune sin del (F 1561)	0	11 500 000
170136	Sunnfjord Næringspark hovudanlegg avløp - Jølster kommune sin del (F 1562)	0	11 500 000
170137	Gravdalsholten - fortau og avkøyring E39 (F 1595)	0	6 950 000
170138	Oppgradering av kyrkjebygg (F 1605)	0	200 000
170139	Førde barneskule - opprusting av uteområdet (F 1638)	0	5 519 008
170140	Kloakkledning Haugsbø (G 3102)	0	1 064 245
170141	Industriområde Lunde (G 3104)	0	500 000
170142	VA og veg Trolleskaret (G 3138)	0	4 327 953
170146	Restiltak Nybygg NBU (dører, skilt) (N 3596)	0	250 000
170147	Vassforsyning Vevring Kyrkje (N 3597)	0	83 934
170150	Moskog næringsareal (J 2140)	0	21 619 839
170153	Gamlebanken - opprusting og vidare bruk	3 000 000	3 875 000
170155	Turveg og lys Grimsetmarka	500 000	3 566 250
170156	Utgreiing av parkeringsanlegg i Førde	0	650 442
170157	Flytting av brakke - SFO Sande skule	0	664 394
170158	Rehabilitering av inngangsparti Førdehuset (koronatiltak)	0	375 000
170159	Rehabilitering av inngangsparti Eikaasgalleriet (Koronatiltak)	0	375 000
170160	Rehabilitering uteområde Sande omsorgssenter (Koronatiltak)	0	531 795
170161	EL ladepunkt (Koronatiltak)	0	740 750
170163	BEF, Bygstad idretts- og fritidspark - parkeringsplass	0	3 214 824
170164	Sunde skule restkostnad (tidl 170036)	0	576 509
170165	Sikring mot naturfare	1 000 000	1 000 000
170166	Brannstasjon/teknisk drift - Skei og forprosjekt Førde	9 700 000	6 000 000
170167	Golvmaskin, moppevasker, anna reinhald	200 000	1 250 000
170168	Rehabilitering bygg - Overordna prosjekt	10 000 000	6 000 000
170169	BEF, Ny 4 avd barnehage på Slåtten inkl. grunnkjøp	0	36 000 000
170171	BEF, Prosjektering nytt symjebasseng Førdehuset	0	2 000 000
170172	Kommunale vegar (Overordna prosjekt)	8 580 000	5 725 000
170173	Restkostnad Kulturskolen (tidl 170035)	0	375 000
170175	Parkområde Helgheim kyrkje	0	140 891
170176	Påbygging / ombygging (omfattande liste, Omsorg)	10 000 000	0
170177	Brann - bygg, utstyr, brannbil, kommandobil	1 500 000	0
170178	Uteareal / parkering Friskhus Naustdal	12 600 000	0
170179	Butiltak Psykisk helse, 10 omsorgsbustder	200 000	0
170185	Restkostnad Fleirbrukshall Vassenden (tidl 170033)	0	836 195
170188	Gatelys Stavdalen (trafikktryggleikstiltak)	0	79 479
170192	Div. ombygging legekantor Sande, Fysio/ergoterapi, Psykisk helse og rus	0	2 300 000
170193	Førde kyrkje-tilpassing 2021	0	1 719 000
170195	Planleggingsmidlar til Sande skule	0	1 000 000
170196	BEF Ombygging/tilpassing Fossheimtunet	0	600 000
170197	Lastebil til vegvedlikehald Volvo FMX330	0	775 000
170199	Ombygging bibliotek Sande	0	125 000
170200	Ombygging bibliotek Skei	0	162 500
170201	Ombygging bibliotek Naustdal	0	375 000
170202	Ombygging tannlegekontor kommunehus på Sande	0	187 500
170203	Forprosjekt kommunehus Sande	0	200 000
170204	Forprosjekt kommunehus Skei	0	200 000
170206	Kjøp av bustad - leige til eige for vanskelegstilte	0	3 000 000

Prosjekt		Budsjett 2022	Revidert budsjett 2021	Budsjett 2021
170211	ENØK - Kommunale bygg	6 000 000	0	0
170213	Miljø: Klimaomstillingsplan (øk-plan)	300 000	0	0
170214	Kunstgrasbane og lys Halbrend	0	3 500 000	0
170215	Ny heis på Prestebøen 3 og 5	0	2 500 000	0
170216	Gang og sykkelveg Vie - Løland	0	5 125 000	0
170220	Slåttegeila bekkelukking	0	200 000	0
170221	Espelands feltet avløp	0	4 000 000	0
170222	Årdal RA - SD tilknytning	0	400 000	0
170223	Viksdalen skule hydrant	0	200 000	0
170224	Eidevik reduksjonskum	0	750 000	0
170262	Rehabilitering av vassfronten i Vassendenbukta	763 750		
	Sum investering i varige driftsmidler, aksjar og andelar, tilskot til andre sine investeringar og utlån av egne midlar	180 944 450	646 990 607	178 824 000

§5-7 Utvikling i lånegjelda til egne investeringar			
Lånegjeld - egne investeringar	Rekneskap 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Inngående balanse	2 362 444 890	2 359 140 746	2 376 111 741
Nytt låneopptak	93 053 459	111 970 995	96 873 000
Avdrag	- 96 357 603	- 95 000 000	- 96 873 000
Utgående balanse	2 359 140 746	2 376 111 741	2 376 111 741

Vedtak i Kommunestyret 09.12.2021

1. Framlegg til årsbudsjett 2022 for Sunnfjord kommune vert vedteke slik det går fram av dokument datert 5. november 2021, med tillegg av framlegg i «notat - tilleggsproposisjon til statsbudsjett» og notat «budsjettavtale på Stortinget om statsbudsjett 2022», og følgande tillegg:
 - a. Innsparingskravet i omstillingsprosessen i omsorg blir redusert med kr. 1 500 000 til kr. 7 700 000. Ytterlegare tiltak for styrking av bemanning i omsorgssektoren vil bli vurdert i økonomiplanarbeidet. Finansiering: Auke i inntektsutjamnande tilskot
 - b. Budsjetttramma for post 440 Helsestasjon blir auka med kr. 100 000 til kr. 19 369 652. Budsjettauken skal brukast til styrking av skulehelsetenesta. Finansiering: reduksjon i politisk godtgjersle.
 - c. Budsjetttramma for teknisk drift vert auka med kr. 500 000. Finansiering: auke i utbytte
 - d. Kommunestyret ynskjer å kunne komme i gang med ei ordning med fritidskort for vanskelegstilte familiar i løpet av 2022. Kommunestyret oppmodar kommunen om å lage retningslinjer for ordninga, og søkje medfinansiering på dei statlege ordningane. Det blir sett av kr 100 000,- til fritidskortet. Finansiering: Reduksjon i politisk godtgjersle og auke i inntektsutjamnande tilskot.
 - e. Finansiering av vedtak i sak 131/21 Gebyr 2022, Plan, byggjesak og oppmåling: auke i inntektsutjamnande tilskot med kr 650 000.
 - f. Løyving til klimaomstilling aukast med kr 230.000. Løyvinga kan nyttast til kollektivsatsing eller andre tiltak i planen dersom det ikkje vert naudsynt for betring av kollektivtilbodet. Finansiering: reduksjon i politisk godtgjersle.
 - g. Grimsetmarka – gangsti/lys Kommunen har tidlegare løyvd over ein halv mill. og har lagt ned eit vesentleg planleggingsarbeid og ei omfattande sakshandsaming av dette prosjektet. For å kunne søkje om spelemidlar og fullføre prosjektet set kommunestyret av kr. 400.000 til veg/lys. Finansiering: Investeringsmidlar Helgåsvegen vert flytta frå 2023 til 2022.
 - h. Sunnfjord Kommune forskotterer kr 611 000 til rehabilitering av vassfronten i Vassendenbukta. Finansiering frå disposisjonsfondet mot seinare refusjon frå skjønsmidlar. Sunnfjord Kommune går i dialog med Vassenden 2025 med føremål om å skaffe finansiering til gjennomføring av resterande tiltak i områdeplanen utarbeidd av Asplan Viak.

- i. Kommunestyret ber kommunedirektøren spele inn kommunen sitt behov for utvida bybusstilbod i samband med den fylkeskommunale saka om sonestruktur. Det trengs ei utviding av bybusstilbodet i Førde til Øyrane og Sunde/Farsund og Moskog. Ein bør også vurdere eit betre og meir tilpassa busstilbodet til Vassenden/Skei, Sande og Rv5 Florø-Naustdal-Førde.

Kommunestyret ser det som viktig å knyte fylket betre saman med gode kollektivløysingar. Til rutemøtet i Fylkeskommunen på nyåret og til punkt 6 i sonesaka vil vi spele inn at det er naudsynt at fylkeskommunen sikrar langt hyppigare ekspressbussavgangar langs E39 mellom Nordfjord-SunnfjordBergen.

Vi ber om å få ei orientering om framdrifta i mobilitetsstrategien. Det skal leggst fram ei sak om kva behov vi har for utviding av rutetilbodet og strukturen, til dømes mellom tettstadane, ytterlegare styrking av ekspressbusstilbodet, frekvens, kollektiv på bestilling i grendene og «last mile»- strategi for å gjere det meire attraktivt å velje kollektivt. Saka leggst fram våren 2022. Målsettinga må vere at hovuddelen av finansieringa vert teken av fylkeskommunen og gjennom offentlege tilskotsordningar som klimasats med meir. Finansieringsbehov vert vurdert i økonomiplanarbeidet.

- j. Kommunestyret ber om ei orientering om status for tiltak og endringar i klimaomstillingsplanen i første kvartal i 2022. Dersom det er behov for endringar i planen eller tilleggsløyvingar ber vi om at det blir lagt fram som eiga sak. For å få framdrift i arbeidet med klimabudsjett ber vi om ei sak til politisk handsaming der landbruksdelen vert tatt ut inntil vidare. Kommunestyret legg til grunn at administrasjonen arbeidar vidare med landbruksdelen. Tiltaka, saman med andre verkemiddel i jordbrukspolitikken, skal medverke til at sysselsetting og verdiskaping i landbruksnæringane skal oppretthaldast og styrkast og at jordbruksjord ikkje skal gå ut av drift.
- k. Kommunestyret ber om at formannskapet og utval for oppvekst blir jamleg orienterte om status i arbeidet med kontinuerleg barnehageopptak. Dersom det er behov for å auke dei økonomiske rammene for å kunne tildele barnehageplassar i barna sine nærområde våren 2022, skal dette leggst fram som eiga sak for formannskapet. Kommunestyret ber også om at ordning med tre barnehageopptak blir vurdert i samband med framlegging av barnehagebruksplan.
- l. Det er stort behov for å kjøpe inn lærebøker tilpassa den nye læreplanen. Kommunestyret ber om at det i 2022 vert lagt fram ei sak om behov og plan for korleis dette kan løysast. Det er viktig å også arbeide for å få fleire lærebøker på nynorsk.
- m. Sunnfjord kommune er største landbrukskommune i Vestland fylke, og dette er ein posisjon vi bør oppretthalde, og må være eit tema ved behandling av strategisk næringsplan for landbruket. Dei neste åra vil landbruket stå framfor store

utfordringar og omstilling grunna blant anna effektivitetskrav, klima- og krav til dyrevelferd. Kommunestyret ber om ei sak før behandling av økonomiplan, der det blir utgreidd kva ressursar landbruksforvaltninga i kommunen har for å følgje opp og rettleie i desse omstillingane.

2. Eigedomsskatt

- a. For år 2022 skal det skrivast ut eigedomsskatt for heile kommunen (eigedomsskattelova (esktl.) § 3 a)
- b. Skattesats
 1. Den allmenne skattesatsen blir sett til 6,6 promille.
 2. Differensiert skattesats for eigedomar med sjølvstendige bustaddelar for skatteåret 2022 vert sett til 2,5 promille. Denne satsen skal også gjelde for fritidsbustadar jf. esktl. § 12 a
- c. Det skal skrivast ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget for verk og bruk i dei tidlegare kommunane, redusert med fire sjuandedeler i 2022 (overgangsregel til esktl. §§ 3 og 4, fyrste ledd fyrste punkt)
Skattesats for særskilte skattegrunnlag
 1. Førde 6 promille
 2. Gaular 7 promille
 3. Jølster 7 promille
 4. Naustdal 4,5 promille
- d. Eigedomsskatten skal betalast i 4 terminar (esktl. §25 første ledd). Terminane vert sett til 15. mars, 15. mai, 15. august og 15. november. Avtalar med samla årsbeløp/gebyr mindre enn 1000 kroner, blir fakturert i 1.termin for heile skatteog avgiftsåret.
- e. Fritak for eigedomar vert gjeve for fylgjande Side 4 av 24 1. Eigedomar åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten (esktl. § 7 a) 2. Eigedomar/bygningar med historisk verdi, som etter søknad har fått godkjent fritak (esktl. § 7 b)

3. Forskottering av spelemidar Det vert løyvd 1 mill. kroner frå ubunde investeringsfond 75000 til ubunde investeringsfond med tittel «Forskottering av spelemidlar».

4. Låneopptak

- a. Sunnfjord kommune tek opp nytt lån til finansiering av investeringsprosjekt. Samla lånesum er 96,873 mill. kroner i 2022 jf. kommunelova § 14-15 første ledd.
- b. Sunnfjord kommune tek opp lån i Husbanken på 60 mill. kroner til startlån for vidare tildeling i 2022 jf. kommunelova § 14-17 første ledd

5. Kassakreditt

- a. Kommunestyret godkjenner ei ramme for kassakreditt på 100 mill. kroner jf. kommunelova § 14-15 tredje ledd.

Vedlegg

Oversikt over tilskot og overføringer frå Sunnfjord kommune 2022

Tilskot og overføringer til private/ andre mottakarar	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Ansvar
Folkevalde; pott til disposisjon inkl. stønad til politiske part	400 000	400 000	100
Vestland revisjon	1 433 632	1 412 000	100
SEKOM	707 000	778 000	100
SyS IKT	9 714 596	11 196 876	100
Tilskot til private barnehagar	70 166 000	73 900 000	100
Drift og anleggsstøtte idrettsorganisasjonar	574 233	589 200	100
Søtte til frivillige lag og organisasjonar	910 896	1 334 600	100
Sunnfjord Utvikling	5 850 567	6 000 000	150
Den norske kyrkja	16 269 498	16 693 100	100
Terapibassenget ved Helsetunet	307 096	315 100	100
Krisesenteret i Sogn og Fjordane	1 736 741	1 781 896	100
Folkehelseavdelinga i Flora	1 063 409	1 091 057	100
Senter mot incest og seksuelle overgrep	135 168	138 682	100
FFO og Mental Helse	75 000	75 000	140
Sogn og Fjordane Teater	2 460 299	2 515 410	610
Førdefestivalen	1 173 508	1 199 795	610
Musea i Sogn og Fjordane (inkl. kunstmuseet og luftkammuseet)	2 070 202	2 107 466	610
Vaksenopplæringa	150 000	155 000	610
Ungdomsråd, pott til disposisjon	70 000	70 000	610
Fisk- og viltforvaltning	100 000	100 000	760
Budsjett 2021	116 596 720	121 853 182	

Utvikling i avgiftsnivå for ein barnefamilie

I eksempelet har tatt utgangspunkt i ein «gjennomsnittsfamilie» på fire.

- To vaksne og to born.
- Eit born med 100 % plass i barnehage
- Eit born med A-tilbod i SFO (heil plass inkludert ferie)
- Einebustad i Førde frå 1990
- Avgiftspliktig areal på 150 kvm


Totalt avgiftsnivå for familien i 2021 = 87 674 kroner

Totalt avgiftsnivå for familien i 2022 = 88 473 kroner

Grafen viser utviklinga i avgiftsnivå for ein barnefamilie frå 2021 til 2022 innan dei ulike avgiftsområda.

0,91 %
Avgiftsending i prosent

799 kroner
Avgiftsending i beløp



Oppfølging vedtak i økonomiplan 2022-2025

8. Kommunestyret viser til pkt. 5 i vedtak av Årsbudsjett 2021 den 10.12.20 om evaluering av den politiske organiseringa og reglement for folkevalde sine arbeidsvilkår innan utgangen av fyrste halvår. Kommunestyret føreset at dette arbeidet no vert gjort og at målet framleis er å redusere kostnadene knytt til godtgjersle for politisk arbeid.

Status: I prosess. [Formannskapet har møte 21.10.2021 sak 209/21](#) vedteke arbeidsutval for politisk organisering og folkevalde sine arbeidsvilkår

9. Kommunen skal kartlegge bygningsmasse kommunen ikkje treng, og som kan seljast, med føremål å redusere vedlikehald og bygningsmasse. Det bør gjennomførast sal av bygningsmasse til ein verdi på minimum kr. 5 mill. i løpet av 2022. Inntektene frå sala skal gå til auka vedlikehald av resterande bygningsmasse etter plan for vedlikehald.

Status: Bygg og eigedomsforvaltning har tilsett ein medarbeidar som er tidlegare eigedomsmeklar. Han arbeider no m.a. med å kartlegge kva hus som kan/bør seljast i 2022. Saka er soleis i prosess og kan vonleg politisk behandlast vinteren 2022.

10. Kommunen skal gjere ei vurdering av trongen for hurtigladarar i tettstadane. Ein må søkje midlar frå relevante støtteordningar hos t.d. Vestland fylke og kome attende til formannskapet med ei sak om framdrift og midlar til eigenandel.

Status: Saka har vore drøfta i administrasjonen. Spørsmålet er om ein skal sjå på behovet for hurtigladarar samla sett, eller kun for kommunen sine bilportefølje. Ein bør uansett ha ein dialog og samarbeide med nettselskapa BKK og Linja, samt med næringslivet. Saka vil bli arbeidd med vinteren 2022.

11. I samband med mobilitetsstrategien og trafikktryggingsplanen må vi få ei god oversikt over trongen for gang- og sykkelegar i og rundt tettstadane der barn og unge ferdast langs vegen. Kommunestyret reknar med at ein søker midlar hjå fylkeskommunen og andre aktørar der det er mogleg.

Status: Trafikktryggingsplanen vert arbeidd med og inkluderer ovannemnde. Det vert søkt om trafikktryggleiksmidlar som vanleg, med utgangspunkt i noverande plan.

12. For å sikre god politisk involvering skal behandlinga av klimabudsjett og tiltaka knytt til klimaomstillingsplan ta til tidleg i haust, helst i septembermøta.

Status: I prosess. Det er lagt fram sak for [utval for samfunn, kultur og næring i møte 20.10.2021 sak 089/21](#) om innføring av klimabudsjett i økonomiplan 2022-2025 og årsbudsjett 2022. Saka vart utsett. Administrasjonen tek sikte på å svare opp spørsmåla til utvalet og eventuelt supplere/justere saksutgreiinga, vonleg til utvalsmøte i desember.

13. Kommunestyret ber om ein gjennomgang av innretninga på byggesaksgebyra og nivået på gebyra samanlikna med andre kommunar.

Status: Vert gjort i gebyrsak som går parallelt med årsbudsjett 2022

14. Sunnfjord kommune profilerer seg som vertskapskommune for store nasjonale og internasjonale arrangement. Det er mellom anna planer om VM i vektløfting i 2025. Kommunestyret er positive til å vurdere søknad om villighetserklæring i samband med ein eventuell VM-søknad.

Status: Gjennomført. [Sjå formannskapssak 176/21.](#)

15. Kommunestyret er glade for at det er lagt inn 3,5 mill. kroner i økonomiplanen til styrking av PPT-tenestene. Vi ønskjer å sjå effektane av styrkinga før vi eventuelt vedtek ein ytterlegare auke.

Status: Evaluering tidlegast etter 1 års drift dvs. i 2023.

Vedlegg til årsbudsjett 2022

6. Referat frå drøftingsmøte
7. Budsjett 2022 frå Sunnfjord kontrollutval
8. Forslag til prispbok 2022 – vert lagt ved saka til formannskapsmøte 25.11
9. Handlingsdel til digitaliseringsstrategi – vert lagt ved saka til formannskapsmøte 25.11

Eigne saker som vert lagt fram parallelt med årsbudsjett 2022

- Gebyr 2022 Vatn, avløp, feiing, landbruk og miljø
- Gebyr 2022 Plan, byggesak og oppmåling
- Gebyr 2022 Avfall og slam
- Gebyr 2022 Hamneavgifter
- Etablering av e-Torg 2022
- Moderasjonsordningar i SFO 2022